



Forvaltningsrevisjon | Lindås kommune Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø

August 2019

«Arbeidet med å sikre eit trygt og
godt skulemiljø»

August 2019

Rapporten er utarbeidd for Lindås
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Samandrag

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulane i Lindås kommune. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet i Lindås kommune i sak 04/19, 23. januar 2019. Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å undersøke om skuleeigar og den enkelte skule arbeider systematisk for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulane i Lindås kommune, samt om skulane har rutinar for å handtere og følgje opp tilfelle der elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø i samsvar med krav i opplæringslova.

I samband med forvaltningsrevisjonen har revisjonen gjennomgått aktuell dokumentasjon frå Lindås kommune. Revisjonen har i tillegg gjennomført til saman åtte intervju, og det gjennomført ei spørjeundersøking til alle rektorane, lærarane og andre tilsette ved grunnskulane i kommunen. Det er også gjort ein stikkprøvekontroll av seks enkeltsaker der det skuleåret 2018/2019 blei konstatert at ein elev ikkje hadde det trygt og godt på skulen.

Undersøkinga viser at Lindås kommune har innført ei rekke føremålstenlege tiltak for å sikre at krava til skuleeigar sitt forsvarlege system blir ivareteke. Fleire av tiltaka er nye frå våren 2019. Dersom dei i framtida blir gjennomført jamleg og i samsvar med intensjonen, vil dette etter revisjonen si vurdering kunne gje skuleeigar oppdatert informasjon om praksisen på skulane, og utgjere eit godt system for å bidra til å sikre at skulane etterlever krav i lov og forskrift.

Det er positivt at skuleeigar utarbeidde felles retningslinjer for skulemiljø til skulestart 2017. Retningslinjene tar for seg innhaldet i endra kap. 9 A, men dei operasjonaliserer likevel ikkje lovkrava utover det som står i lova. Ut frå ordlyden i retningslinjene forstår revisjonen det slik at kvar rektor har ansvar for at det blir utarbeidd rutinar for at dei enkelte handlingspliktene, samt skjerpa aktivitetsplikt og krav til at involverte elevar blir høyrde, blir oppfylt. Dette er til dels gjort ved nokre av skulane, men ikkje ved alle. Det synast etter revisjonen si vurdering å vere behov for å tydeleggjere kva som er forventa av den enkelte rektor når det gjeld utarbeiding av eigne rutinar for å oppfylle krava i opplæringslova.

Det er også revisjonen si vurdering at det kan vere føremålstenleg at det blir etablert nokre felles rutinar knytt til ivaretaking av dei ulike handlingspliktene som inngår i aktivitetsplikta, skjerpa aktivitetsplikt, og krav til at involverte elevar blir høyrde. Dette for å sikre ei mest mogleg felles forståing av kva som ligg i desse pliktene og krava, og for å redusere risikoen for at forståinga av lovkrava, og den praktiske oppfølginga, blir personavhengig. Revisjonen vil vidare presisere viktigheita av at det framover framleis blir retta merksemd mot forståinga av dei ulike handlingspliktene som inngår i aktivitetsplikta og skjerpa aktivitetsplikt, slik at ein sikrar at alle tilsette er godt kjende med desse, og i størst mogleg grad føler seg trygge på praktiseringa av dei ulike pliktene.

Undersøkinga syner at det har vore svært stor variasjon mellom kor mange aktivitetsplanar som er utarbeidde ved skulane, og at terskelen for utarbeiding av aktivitetsplan varierer, noko som kan indikere at ikkje alle skulane utarbeider ein skriftleg plan i samsvar med opplæringslova § 9 A-4 sjette ledd i situasjonar der det er behov for å setje i verk tiltak. Revisjonen vil presisere at det alltid skal setjast i verk tiltak – så langt det finst eigna tiltak – og utarbeidast ein skriftleg plan, dersom ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Tiltaka kan i enkelte tilfelle vere enkle og kortvarige, medan det i andre tilfelle er behov for meir omfattande og langvarige tiltak.

Når det gjeld det førebyggjande skulemiljøarbeidet, er det etter revisjonen si vurdering ikkje alle skulane som har tilstrekkeleg tydelege planar og mål for arbeidet. Vidare viser undersøkinga at det mellom anna er behov for å vurdere korleis elevar og foreldre i større grad kan bli involverte i skulemiljøarbeidet, og for å sikre at skulemiljøutval blir nytta i samsvar med intensjonen i opplæringslova. I tillegg meiner revisjonen at kommunen bør vurdere om dagens tiltak retta mot digitale krenkingar er tilstrekkelege. Det er etter revisjonen si vurdering ikkje tilfredsstillande at enkelte skular nyttar tiltak/sanksjonar overfor elevar sin mobilbruk som ikkje er skildra i ordensreglementet. Ifølgje opplæringslova § 9 A-10 tredje ledd kan skulen berre nytte tiltak som er fastsette i ordensreglementet, noko som inneber at enkelte av tiltaka/sanksjonane som blir nytta av skulane i dag er ulovlege.

Basert på det som kjem fram i undersøkinga anbefaler revisjonen at Lindås kommune set i verk nokre tiltak for å bidra til ytterlegare betring og systematisering av arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulane i kommunen. Dei anbefalte tiltaka går fram av kapittel 6 Konklusjon og tilrådingar.

Innhald

Samandrag	3
1. Innleiing	8
2. Om tenesteområdet	12
3. Det systematiske skulemiljøarbeidet	13
4. Handtering av konkrete tilfelle der ein elev ikkje har det trygt og godt	25
5. Skuleeigar sitt forsvarlege system	41
6. Konklusjon og tilrådingar	45
Vedlegg 1 : Høyringsuttale	47
Vedlegg 2 : Revisjonskriterium	49
Vedlegg 3 : Sentrale dokument og litteratur	54

Detaljert innhaldsliste

Samandrag	3
1. Innleiing	8
1.1 Bakgrunn	8
1.2 Føremål og problemstillingar	8
1.3 Avgrensing	9
1.4 Metode	9
1.5 Revisjonskriterium	11
2. Om tenesteområdet	12
2.1 Organisering	12
2.2 Skulane i Lindås kommune	12
3. Det systematiske skulemiljøarbeidet	13
3.1 Problemstilling	13
3.2 Revisjonskriterium	13
3.3 Mål, planar og tiltak	15
3.4 Elevundersøkinga og andre trivselsundersøkingar	19
3.5 Digitale krenkingar	20
3.6 Involvering av elevar og føresette	22
4. Handtering av konkrete tilfelle der ein elev ikkje har det trygt og godt	25
4.1 Problemstilling	25
4.2 Revisjonskriterium	25
4.3 Rutinar for oppfølging av aktivitetsplikta	27
4.4 Kjennskap til rutinar for oppfølging av aktivitetsplikta	28
4.5 Skjerpa aktivitetsplikt	31
4.6 Medverknad frå involverte elevar	33
4.7 Oppfølging av saker der ein elev ikkje har det trygt og godt	34
4.8 Rutinar for informasjon om kap. 9 A til elevar og føresette	38
5. Skuleeigar sitt forsvarlege system	41
5.1 Problemstilling	41
5.2 Revisjonskriterium	41
5.3 Innhenting av informasjon om skulane sin praksis	41
5.4 Kommunen si oppfølging av praksis på skulane	43
6. Konklusjon og tilrådingar	45
Vedlegg 1 : Høyringsuttale	47
Vedlegg 2 : Revisjonskriterium	49
Vedlegg 3 : Sentrale dokument og litteratur	54
Figurar	
Figur 1 Oversikt over respondentane i spørjeundersøkinga (N=272).	10
Figur 2 Planar, mål og tiltak.	17
Figur 3 Evaluering av mål, planar og tiltak.	18
Figur 4 Tiltak for å førebyggje digital mobbing.	21
Figur 5 Involvering av elevar og føresette.	23
Figur 6 Rutine for plikta til å følgje med.	30
Figur 7 Tryggleik knytt til når ein skal gripe inn og når ein skal varsle.	30

Figur 8 Kjennskap til rutinar ved skjerpa aktivitetsplikt.	32
Figur 9 Elevmedverknad i arbeidet med å finne eigna tiltak.	34
Figur 10 Kjennskap til elevar som blir krenka.	35
Figur 11 Rutinar for utarbeiding av skriftleg plan.	37
Figur 12 Informasjon om rettane etter kap. 9 A.	39

Tabellar

Tabell 1: Oversikt over grunnskulane i Lindås kommune	12
Tabell 2 Skriftlege rutinar for handlingspliktene (svar frå rektor).	28

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulane i Lindås kommune. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet i Lindås kommune i sak 04/19, 23. januar 2019.

Prosjektet er bestilt i samsvar med Lindås kommune sin plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2020.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å undersøke om skuleeigar og den enkelte skule arbeider systematisk for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulane i Lindås kommune, samt om skulane har rutinar for å handtere og følgje opp tilfelle der elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø i samsvar med krav i opplæringslova.

Med bakgrunn i føremålet har følgjande problemstillingar blitt undersøkt:

1. I kva grad arbeider skulane i kommunen systematisk og kontinuerlig for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulen, og gjennom dette førebygge mobbing og andre krenkingar?

- a) I kva grad har skulane formulert mål, utarbeidd planar og sett i verk tiltak for å bidra til eit trygt og godt skulemiljø og førebygging av mobbing, og i kva grad blir mål, planar og tiltak jamleg evaluerte og oppdaterte?
- b) I kva grad blir Elevundersøkinga og ev. andre trivselsundersøkingar nytta systematisk for å ha oversikt over utfordringar knytt til mobbing og anna krenkande åtferd ved skulane og vurdere behov for konkrete tiltak?
- c) Arbeider kommunen og skulane systematisk for å førebyggje digitale krenkingar?
- d) I kva grad blir elevar og føresette involverte i arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og førebyggje mobbing?
 - i) Er det etablert skulemiljøutval i samsvar med krav i regelverket?
 - ii) I kva grad blir elevane involvert i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø?
 - iii) I kva grad blir føresette informerte og involverte i arbeidet med skulemiljøtiltak?

2. I kva grad er det etablert system og rutinar som medverkar til å sikre at konkrete tilfelle der ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø blir handtert i samsvar med krav i opplæringslova?

- a) Er det etablert tilfredsstillande rutinar som skildrar korleis den enkelte tilsette og skulen skal følgje opp aktivitetsplikta i opplæringslova § 9 A-4 og dei handlingspliktene som følgjer av denne?
- b) I kva grad er tilsette på skulane kjende med eventuelle rutinar for å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og handtere saker der dette ikkje er tilfelle?
- c) I kva grad er det utarbeidd rutinar for skjerpa aktivitetsplikt i saker der ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev, og i kva grad er ev. slike rutinar kjent blant lærarane?
- d) I kva grad er det etablert rutinar for å sikre at involverte elevar blir høyrde og at eleven sine meiningar blir vektlagt i arbeidet med å finne eigna tiltak for å sikre at eleven får det trygt og godt på skulen?

- e) I kva grad blir saker der ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, følgt opp i samsvar med krav i opplæringslova, mellom anna med utarbeiding av aktivitetsplan?
- f) I kva grad er det etablert rutinar for å sikre at skulane informerer elevane og foreldra om rettane til eit trygt og godt skulemiljø, om tilsette si aktivitetsplikt og om elevane og foreldra sitt høve til å melde saka til Fylkesmannen dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø?

3. I kva grad har kommunen som skuleeigar eit forsvarleg system som er eigna til å avdekke praksis ved skulane som er i strid med opplæringslova, og ved behov følgje opp at skulane endrar praksis slik at dei oppfyller krava i regelverket?

- a) I kva grad innhentar og brukar kommunen tilstrekkeleg og oppdatert informasjon om skulane sin praksis knytt til oppfølging av aktivitetsplikta og andre sentrale krav i opplæringslova kapittel 9 A?
- b) I kva grad gjer kommunen ei vurdering av om praksisen til skulane er i samsvar med regelverket, og eventuelt sikrar at det blir satt i gang naudsynte og eigna tiltak for å sikre at praksisen til skulane er i samsvar med regelverket?

1.3 Avgrensing

Forvaltningsrevisjonen har vore avgrensa til å omhandle kommunale grunnskular i Lindås kommune, samt skulemiljøet til barn i grunnskulepliktig alder. Vaksenopplæringa og eventuelle friskular har såleis ikkje vore omfatta av prosjektet. Vidare har prosjektet vore avgrensa til å handle om det psykososiale skulemiljøet, og det fysiske skulemiljøet, til dømes inneklima og standarden på bygningsmassen, har ikkje vore omfatta av prosjektet.

Problemstilling 2 e) har blitt undersøkt gjennom ein stikkprøvekontroll av aktuelle saker (sjå kapittel 3 om metode for nærare skildring av stikkprøvekontrollen), og revisjonen si vurdering er såleis basert på stikkprøvekontrollen og ikkje på ein fullstendig gjennomgang av alle relevante saker i kommunen.

Gjennomgangen av system, rutinar, tiltak mv. ved den enkelte skule har i utgangspunktet vore på eit relativt overordna nivå, men med ein noko meir detaljert gjennomgang ved dei fire skulane der det også har blitt gjennomført intervju (sjå kapittel 3 om metode).

1.4 Metode

Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikring er underlagt krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

Oppdraget er gjennomført i tidsrommet februar 2019 til august 2019.

1.4.1 Dokumentanalyse

Rettskjelder har blitt gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare har informasjon om kommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk m.m. blitt samla inn og analysert. Også resultat frå og oppfølging av Elevundersøkinga har vore aktuelt i denne samanheng.

I tillegg til overordna dokument frå kommunen, har vi henta inn utvalde dokument frå fire skular, som vil bli omtalt som case-skular i denne rapporten. Innsamla dokumentasjon har blitt vurdert i forhold til revisjonskriteria.

1.4.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder har Deloitte intervju utvalde personar frå Lindås kommune som er involvert i arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulane. Revisjonen har intervju til saman 12 personar i åtte intervju.

Vi intervju kommunalsjef oppvekst og rådgjevar oppvekst i Lindås kommune, samt rektorane ved fire av grunnskulane i kommunen (tre barneskular og ein ungdomsskule). Desse skulane er omtala som case-skular i rapporten. Ved to av desse skulane gjennomførte vi òg eit gruppeintervju med lærarar. Dei fire


skulane blei valde ut på bakgrunn av storleik, geografisk plassering, resultat frå elevundersøkingar 2016-2018, samt talet på aktivitetsplanar skuleåret 2017-2018 og inneverande skuleår.

1.4.3 Spørjeundersøking

Revisjonen har sendt ut ei elektronisk spørjeundersøking til alle rektorane, lærarane og andre tilsette (t.d. assistentar) ved grunnskulane i kommunen for å få informasjon om korleis skulane jobbar med å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane. Spørsmåla i undersøkinga har kartlagt sentrale forhold knytt til ivaretaking av aktivitetsplikta, oppfølging av mobbesaker, og det å arbeide systematisk og kontinuerleg for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane. I tillegg til spørsmål med førehandsdefinerte svarkategoriar, har vi lagt til rette for at respondentane også kunne gi utfyllande informasjon i opne svarfelt. Anonymiteten til dei som svarte på spørjeundersøkinga har blitt ivareteke, men ettersom vi bad respondentane om å svare på kva skule dei arbeider ved inneber det i praksis at rektorane ikkje er fullt ut anonyme.

Spørjeundersøkinga blei gjennomført i perioden 6. mars til 27. mars 2019. Den blei sendt ut til 353 tilsette ved grunnskulane i Lindås kommune, og fekk til saman 272 svar, noko som vil seie at om lag 77 prosent av respondentane svarte.¹ Figur 1 syner korleis dei 272 respondentane fordeler seg mellom ulike typar stillingar.

Figur 1 Oversikt over respondentane i spørjeundersøkinga (N=272).



Av dei 190 respondentane som er anten lærar eller annan leiar med undervisning, er 111 av dei kontaktlærararar.

Dei som svarte «anna stilling», blei bedne om å spesifisere kva dei arbeider med på skulen. Mellom svara går det fram at om lag halvparten av desse er barne- og ungdomsarbeidarar eller miljøarbeidarar, medan om lag ein tredel arbeider som sekretær. I tillegg er det nokre SFO-leiarar og spesialpedagogar som har svart på spørjeundersøkinga.

Svara til respondentane vil bli presentert ved figurar gjennom rapporten. Ettersom det er stor variasjon i storleiken på skulane i Lindås kommune, varierer også talet på respondentar per skule. Av omsyn til personvern, og metodiske utfordringar grunna lågt tal respondentar ved enkelte skular², vil ikkje revisjonen systematisk presentere resultat per skule frå spørjeundersøkinga. Likevel vil revisjonen til ein viss grad omtale variasjonar og ulikskapar i svara frå skulane i rapporten.

¹ Det blei sendt ut fleire påminningar i gjennomføringsperioden, og svarfristen blei utsett med ei veke for å gje fleire høve til å svare.

² Ved skular der det er få respondentar, vil kvart enkelt svar få store prosentvise utslag ved analyse av svara. Det er difor metodisk utfordrande å samanlikne svara på tvers av skular fordi enkeltsvar vil få svært ulike utslag på ulike skular.

1.4.4 Stikkprøvekontroll

Revisjonen har gjennomført ein stikkprøvekontroll av saker der det skuleåret 2018/2019 har blitt konstatert at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. For å velje ut saker til stikkprøvekontrollen, bad revisjonen om ei anonymisert oversikt over denne typen saker frå dei fire utvalde skulane i kommunen.

Basert på denne oversikta valde revisjonen ut seks enkeltsaker for gjennomgang og kontroll av korleis saka har blitt følgt opp. Fokuset for revisjonen var på utarbeiding av ein skriftleg plan i medhald av krav i opplæringslova, involvering av eleven sjølv og eleven sine føresette, samt evaluering av tiltak som blei sett i verk.

1.4.5 Verifiseringsprosessar

Med unntak av gruppeintervjua med lærarar, der revisjonen ikkje har knytt informasjon frå intervjua opp mot enkeltpersonar, har dei andre personane som har blitt intervjua fått ei oppsummering av intervjureferatet til verifisering. Det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som er nytta i rapporten.

Datadelen av rapporten er sendt til rådmannen for verifisering, og faktafeil er retta opp i den endelege versjonen. Høyringsutkast av rapporten blei deretter sendt til rådmannen for uttale. Rådmannen sin høyringsuttale er lagt ved den endelege rapporten (vedlegg 1).

1.5 Revisjonskriterium

Revisjonskriteria er dei krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal bli vurdert opp mot. Kriteria har blitt utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon. I dette prosjektet har revisjonskriteria i hovudsak vore henta frå opplæringslova. Kriteria er nærare presentert innleiingsvis under kvart tema, og i vedlegg 2 til rapporten.

2. Om tenesteområdet

2.1 Organisering

Grunna kommunesamanslåing og pensjonsavgang har kommunalsjef oppvekst vore næraste sjef for rektorane i Lindås kommune frå 1. desember 2018.³ Før dette utgjorde einingsleiar skule eit ledd mellom rektorane og kommunalsjef oppvekst. I stab for oppvekst er det tilsett fire rådgjevarar som arbeidar med skulesektoren.

I Alver kommune vil kommunalsjef oppvekst halde fram i same stillinga. I tillegg vil det tilsetjast ein tenesteleiar for skule frå 1. januar 2020 med ansvar for å følgje opp skulane. Det blir opplyst at kommunen ikkje vil gjennomføre kvalitetsbesøk i 2019, då det er ynskjeleg at den nyttilsette tenesteleiar skule skal vere med på desse.

2.2 Skulane i Lindås kommune

Det er 12 kommunale grunnskular i Lindås kommune; ni barneskular og tre ungdomsskular. Som det går fram av tabellen under, varierer skulane mykje i storleik, frå 37 elevar på den minste skulen til 349 elevar på den største skulen.

Tabell 1: Oversikt over grunnskulane i Lindås kommune

Namn skule	Elevtal 2018-2019 ⁴
Alversund skule	349
Eikanger skule	73
Kløvheim skule	37
Knarvik barneskule	238
Knarvik ungdomskule	337
Leiknes skule	172
Lindås ungdomskule	123
Lindås barneskule	208
Myking skule	57
Ostereidet barneskule	104
Ostereidet ungdomskule	94
Seim skule	147

³ Lindås kommune. *Organisasjonskart*. Publisert: 05.02.2018.

⁴ Utdanningsdirektoratet. *Grunnskolen Informasjonssystem (GSI)*.

3. Det systematiske skulemiljøarbeidet

3.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

I kva grad arbeider skulane i kommunen systematisk og kontinuerlig for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulen, og gjennom dette førebygge mobbing og andre krenkingar?

Under dette:

- I kva grad har skulane formulert mål, utarbeidd planar og sett i verk tiltak for å bidra til eit trygt og godt skulemiljø og førebygging av mobbing, og i kva grad blir mål, planar og tiltak jamleg evaluerte og oppdaterte?
- I kva grad blir Elevundersøkinga og ev. andre trivselsundersøkingar nytta systematisk for å ha oversikt over utfordringar knytt til mobbing og anna krenkande åtferd ved skulane og vurdere behov for konkrete tiltak?
- Arbeider kommunen og skulane systematisk for å førebyggje digitale krenkingar?
- I kva grad blir elevar og føresette involverte i arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og førebyggje mobbing?
 - Er det etablert skulemiljøutval i samsvar med krav i regelverket?
 - I kva grad blir elevane involvert i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø?
 - I kva grad blir føresette informerte og involverte i arbeidet med skulemiljøtiltak?

3.2 Revisjonskriterium

Retten til eit trygt og godt skulemiljø og nulltoleranse mot krenkingar

Av opplæringslova § 9 A-2 går følgjande overordna krav til skulemiljøet fram: «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.»

§ 9 A-3 i opplæringslova omhandlar nulltoleranse mot krenkingar og systematisk arbeid, og følgjande går fram av første ledd:

Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

I Utdanningsdirektoratet sitt rundskrivet *Skulemiljø Udir-3 2017* som omhandlar betydninga av krav i opplæringslova kapittel 9 A, går det fram at skulane skal ha nulltoleranse også for mindre alvorlege krenkingar enn dei som er spesifikt nemnde i lova.⁵

Digital krenking

Forarbeida til kapittel 9 A stadfestar at korleis eleven opplever å ha det medan han eller ho er på skulen, SFO eller leksehjelptilbodet, er avgjerande for vurderinga av om skulemiljøet er trygt og godt.⁶ Vidare blir det framheva at det at årsaka til eleven sin mistriivsel skuldast forhold utanom skuletida, ikkje avgrensar skulen si aktivitetsplikt så lenge eleven si oppleving av skulemiljøet blir negativt påverka av det.

Utdanningsdirektoratet understrekar at skulen har eit ansvar for å forhalde seg til mobbing som skjer på nett og i sosiale media, sjølv om det skjer utanom skuletid, dersom det gjer at eleven ikkje har det bra på skulen.⁷

⁵ Utdanningsdirektoratet: *Skulemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 10.05.2019.

⁶ Prop. 57 L (2016–2017): *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø)*. 17.02.2017.

⁷ Utdanningsdirektoratet. *Hva skal skolen gjere med digital mobbing?* Sist endra 27.06.2017.

Bruk av mobiltelefon

Skuleeigar kan regulere mobilbruken i ordensreglementa sine, og også fastsetje kva tiltak skulen skal kunne bruke mot elevar som bryt reglane. Ifølgje opplæringslova § 9 A-10 tredje ledd kan skulen berre nytte tiltak som er fastsette i ordensreglementet. Skulen kan til dømes inndra mobiltelefonen dersom den forstyrrar undervisninga, men skulen kan ikkje behalde mobiltelefonen utover skuletida.⁸

Systematisk og kontinuerleg arbeid for å fremje eit godt skulemiljø

Krav til kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje eit godt skulemiljø har blitt vidareført frå tidlegare kapittel 9 A. Følgjande går fram av § 9 A-3 andre ledd:

Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.

Ansvaret for systematisk og kontinuerleg skulemiljøarbeid er i ny lovtekst eksplisitt lagt til rektor. Av forarbeida til opplæringslova går det fram at det systematiske og kontinuerlege skulemiljøarbeidet er ein del av internkontrollen. Vidare går det fram følgjande:

Ein føresetnad for å lykkast er at skolen sjølv har sett seg konkrete mål ut frå dei generelle krava i lovverket, og at planar og tiltak er tilpassa til dei lokale utfordringane. Ein dynamisk internkontroll føreset dessutan at arbeidet blir løpande vurdert og jamleg revidert.⁹

Eigenvurderingsverktøyet Reflex er tilgjengeleg via nettsida til Utdanningsdirektoratet. Det kan nyttast av skuleeigarar og skuleleiarar for å vurdere eigen praksis, og ulike spørsmål blir følgt opp av rettleiande tekst som skildrar kva regelverket krev av skuleeigarane og skuleleiarane. Om evaluering av det førebyggjande skulemiljøarbeidet går det mellom anna fram at informasjon skulen har om korleis arbeidet fungerer, må nyttast til å vurdere i kva grad det førebyggjande arbeidet fremmer eit trygt og godt skulemiljø. Det går vidare fram at det alltid må føreliggje informasjon frå både tilsette, elevar og foreldre.¹⁰

Elevundersøkinga

Elevundersøkinga er ei årleg undersøking som det er obligatorisk for skulane å gjennomføre på 7. og 10. trinn. Det er opp til skulane sjølv om dei vil gjennomføre undersøkinga på fleire trinn.¹¹ Gjennomføring av eventuelle andre trivselsundersøkingar er ikkje pålagde frå nasjonalt hald, men mellom anna Læringsmiljøsentret anbefalar å nytte trivselsundersøkingar for å gjere jamlege kartleggingar av læringsmiljø og trivsel, og avdekke mobbing.¹²

Brukarmedverknad og krav til elevdeltaking

I § 9 A-8 i opplæringslova går mellom anna krav til elevdeltaking i skulemiljøarbeidet fram:

Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø.

I eigenvurderingsverktøyet Reflex blir det vist til at rektor må sørgje for at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at elevane blir involvert i arbeidet med å planleggje og gjennomføre arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø. Det går vidare fram at elevane i alle klassene må involverast i større eller mindre grad. Som det går fram over, må informasjon både frå elevar og foreldre vere ein del av informasjonsgrunnlaget ved evaluering av det førebyggjande skulemiljøarbeidet.

Kapittel 11 i opplæringslova omhandlar brukarmedverknad i skulen. Her blir det mellom anna stilt krav om skulemiljøutval ved alle grunnskular (§ 11-1 A), og det blir gitt nærare føringar for samansetninga av utvalet og kva for ein rolle det skal ha. Mellom anna går det fram at skulemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantane for elevane og foreldra til saman er i fleirtal.

Sjå vedlegg 2 for utfyllande revisjonskriterium.

⁸ Utdanningsdirektoratet. [Mobilbruk og ordensreglement](#). Tolkningssuttalelse 12.12.2014.

⁹ Ot.prp.nr.72 (2001-2002) [Om lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa](#). 03.05.2002.

¹⁰ Utdanningsdirektoratet. Reflex. [Skulemiljø: Skolens plikt til å arbeide forebyggjande og informere og involvere elevar og foreldre \(for skoleledelsen\)](#)

¹¹ Utdanningsdirektoratet. [Elevundersøkelsen](#). Sist endra: 05.06.2018

¹² Læringsmiljøsentret. [Hvordan kan lærere jobbe med å avdekke mobbing?](#) Publisert 02.06.2017

3.3 Mål, planar og tiltak

3.3.1 Datagrunnlag

3.3.1.1 Mål

I *Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028* går det fram at hovudmålet er: «Trygge barn i Lindås kommune.»¹³ Denne målsetjinga skal vere rettesnora for alle som arbeider med barn og unge i kommunen. Ei rekke delmål er nedfelt i kvalitetsplanen, og under innsatsområdet «Å høyre til» går det mellom anna fram at kommunen skal ha nulltoleranse for krenkingar, mobbing, diskriminering og trakassering.

Dei fire case-skulane har alle utarbeidd mål eller visjonar som omhandlar elevane sitt psykososiale skulemiljø, men det varierer mellom skulane kor måla er formulerte og kor konkrete dei er. Ved ein av case-skulane ruller ein på nye sosiale mål kvar månad, medan ein anna skule har ein visjon om at «Alle elevane på skulen vert sett kvar dag, er inkluderte og har ein ven på skulen». Rektorane viser elles til felles mål for skulane i kommunen sin kvalitetsplan og til måla i ordensreglementet.

3.3.1.2 Planar

Det blir opplyst at alle skulane skal ha ein verksemdsplan. Gjennom verksemdsplanen skal skulen syne korleis dei vil arbeide for å iverksetje politikken som er nedfelt i *Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028*. Kommunalsjef opplyser at skulane kan leggje inn sine egne satsingar, og forankre rutinar knytt til trygt og godt skulemiljø i denne.

Skuleeigar har valt å ikkje lage ein felles kommunal handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø med felles mål og felles tiltak, fordi ein ynskjer at skulane skal lage egne planar som dei har sett eige fotavtrykk på og såleis kjenner eigarskap til. Det varierer i kva grad skulane har utarbeidd egne planar for eit trygt og godt skulemiljø. Ved ein av skulane er det ikkje utarbeidd ein eigen plan for arbeidet med det psykososiale skulemiljøet, men det blir vist til skulen sitt årshjul med trivselsaktivitetar. Ved dei andre skulane er det førebyggjande arbeidet formulert i høvesvis ein handlingsplan ved ulukke og kriser, ein handlingsplan mot mobbing som ikkje er oppdatert i samsvar med endringane i opplæringslova kap. 9 A, og i ei retningsline utarbeidd i samsvar med nytt kap. 9 A. Denne retningslina inneheld òg ei «Rutineskildring» i form av eit årshjul som tidfestar kor ofte ein skal følgje opp «kontinuerleg arbeid med elevane sitt psykososiale miljø og antimobbearbeid» i personalmøte, på team, i kvar klasse, og på individnivå. Dette årshjulet har også ein av dei andre skulane.

Rektorane ved alle case-skulane trekkjer fram årshjula til skulane som viktige for arbeidet med det psykososiale skulemiljøet. I desse går det fram ei rekke trivselsaktivitetar, mellom anna aktivitetar i friminutt, egne trivselsdagar, og fadderordningar. Fleire av rektorane trekkjer fram tiltak som går på tvers av trinn og klassar som viktige for trivselen på skulane. Fleire av skulane viser også til *Retningsliner for skulemiljø kapittel 9 A*, utarbeidd av skuleeigar i samband med endringane i kap. 9 A i opplæringslova, som ein sentral plan for skulemiljøarbeidet. Desse retningslinene er nærare omtala i kap. 4.

3.3.1.3 Tiltak

I *Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028*¹⁴ går det fram at skulane skal nytte førebyggjande program/system; MOT¹⁵, Zippy¹⁶, De Utrolige Årene (DUÅ)¹⁷, ART¹⁸ (meir om DUÅ og MOT under). Kommunalsjef opplyser at kommunen frå tidlegare av har eit kommunestyrevedtak på at kommunen skal arbeide med desse programma. Det blir peika på at det er ulike målgrupper for programma, og at praksisen dermed blir noko ulik frå skule til skule.¹⁹ Utover dei nemnde programma/systema, er Lindås kommune med i den nasjonale satsinga til Udir; «Inkluderande barnehage- og skulemiljø». Kommunen er òg med på

¹³ Lindås kommune. *Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028. Kommunedelplan gjeldande frå haust 2016*. Vedteken i kommunestyret 15.09.2016

¹⁴ Lindås kommune: *Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028. Kommunedelplan gjeldande frå haust 2016*. Vedteken i kommunestyret 15.09.2016

¹⁵ MOT er eit program særleg retta mot ungdom. Programmet tilbyr skulane økter med varierende tema som blir gjennomført av ein MOT-coach.

¹⁶ Zippys venner er eit undervisningsprogram med mål om å fremja psykisk helse retta mot elevar i 1. til 4. trinn.

¹⁷ De Utrolige Årene er ein tiltaksserie for barn 0-12 år med 8 ulike programmer som finansieres av Helsedirektoratet.

¹⁸ ART står for Aggression Replacement Training og har som føremål å førebyggje og redusere problemåtferd.

¹⁹ Det blir presisert at ART er ein kompetanse som kan bli tilført skulane etter behov, MOT gjeld berre ungdomsskulen, og DUÅ gjeld berre barnehage og barneskule. Zippy er knytt til 1.klasse, men dette arbeidet er blitt tona ned i kommunen grunna ein meir krevjande ny avtale med leverandør.

forskningsprosjektet «Et lag rundt eleven», i regi av NIFU/Folkehelseinstituttet.²⁰ Ein av case-skulane er med på dette prosjektet og nyttar i samband med dette verktøyet «Psykologisk førstehjelp».

DUÅ

Det blir opplyst at alle barnehagar og barneskular i Lindås kommune nyttar DUÅ etter ei implementering som har gått over fleire år. Eit overordna mål for programmet er å fremje gode og utviklingsstøttande relasjonar mellom barn og nære vaksne, samt positivt samspel mellom barn. Både helsestasjon og PPT, som er systemeigar for DUÅ og gir barnehagane og skulane rettleiing, er tett involvert i tiltaket. På den eine av case-skulane fortel lærarane at det er mykje brukt og at ein har eit system på å lære opp dei tilsette.

MOT

Alle ungdomsskulane i kommunen nyttar MOT. I intervju med rektor ved ein av ungdomsskulane blir det peika på at MOT forsterkar positive haldningar og mønster, men at det i mindre grad er eigna for å løyse utfordrande situasjonar knytt til klasse miljøet. Det siste blir også stadfesta av lærarane ved skulen. Dei etterlyser at MOT gir dei verktøy til å takle dei tyngste sakene. I tillegg kunne dei ynskt tettare kontakt med dei som utarbeider MOT-programmet om korleis lærarane kan bruke det i undervisninga. Lærarane har også erfart utfordringar knytt til at eksterne representantar frå MOT ikkje kjenner elevane og difor ikkje registrerer når sårbare elevar blir halde utanfor når dei jobbar med MOT-oppgåvene.

Betre læringsmiljø

Det blir opplyst at Lindås kommune saman med kommunane Meland og Radøy har etablert prosjektet «Betre læringsmiljø». Målsetjinga med prosjektet er å etablere heilskap og system i arbeidet med å skape gode læringsmiljø, og fremje felles praksis i og mellom barnehagane og skulane. Ein av leveransane er å vurdere om skulane i Alver kommune skal nytte eit felles førebyggjande program og kva program dette i så fall skal vere. Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028 inneheld eit punkt om å «Ta i bruk program for betre læringsmiljø/redusere krenkingar og mobbing»²¹. Prosjektet «Betre læringsmiljø» skal fasast inn i Alver kommune sitt arbeid med den nasjonale satsinga «Inkluderande barnehage- og skulemiljø».

Miljøterapeutar

Lindås kommune har tilsett to miljøterapeutar som arbeider førebyggjande med skulemiljøet. Dei er tilsett i stab oppvekst. Miljøterapeutane er ein rullerande ressurs som, etter ei årleg evaluering, blir tildelt dei skulane som treng det mest. Her blir det tatt utgangspunkt i resultat frå Elevundersøkinga, rektor sine vurderingar, samt behov for støtte i arbeidet med å utvikle positive skulemiljø. Kvar av miljøterapeutane deler i dag tida si mellom to skular. Dei fire skulane som har miljøterapeutar inneverande skuleår, fekk tildelt desse hausten 2017. Frå hausten 2019 vil fire nye skular få tildelinga. Nokre av skulane har òg ein eigen miljøterapeut utanom denne ordninga.

Kommunalsjef opplyser at kommunen valde å tilsetje to miljøterapeutar som ein konsekvens av at Elevundersøkinga hausten 2016 synte relativt høge mobbetal ved fleire skular i kommunen. Miljøterapeutane skal berre arbeide førebyggjande med trivsel og inkludering. Dei skal vere tett på elevane, ta initiativ til trivselstiltak eller aktivitet og skape arena for deltaking og fellesskap.

Fleire av case-skulane har miljøterapeutar, anten frå fellesressursen til kommunen eller tilsett på eigen skule. Dei intervjuar opplever at dette har vore eit viktig trivselstiltak på skulen, og at miljøterapeutane ofte fangar opp ting i elevmassen som andre tilsette ikkje har kompetanse eller kapasitet til å gjere. Miljøterapeutane har til dømes sørgd for å auke aktiviteten i friminutta, noko som gjer at konfliktnivået blant elevane går ned. Vidare blir det opplyst at dei bidreg til å byggje relasjonar mellom elevar og har særleg merksemd på elevar med ulike typar utfordringar.

Tilsette sine oppfatningar om planar, mål og tiltak


I spørjeundersøkinga blei lærarane, andre leiarar med undervisning og rektorane bedne om å ta stilling til påstandar om skulen har utarbeidd skriftlege planar, tydelege mål og konkrete tiltak for å sikre elevane eit

²⁰ NIFU står for Nordisk institutt for studiar av innovasjon, forskning og utdanning. «Et lag rundt eleven» ser på mogleg effekt på læringsmiljø og læringsresultat dersom ein aukar opp ressursen til helsesjukepleiar retta inn mot systematisk arbeid på 5.-7. trinn.

²¹ Lindås kommune. *Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028. Kommunedelplan gjeldande frå haust 2016*. Vedteken i kommunestyret 15.09.2016

trygt og godt skulemiljø. Resultata går fram av figur 2 og viser at det er ein større prosentdel som er *einig* i at skulen har skriftlege planar (70 prosent), enn som er *einig* i at skulen har tydelege mål (60 prosent) og konkrete tiltak (60 prosent). Nærare undersøking av svarfordelinga syner at det er variasjonar mellom skulane. På spørsmålet om skulen har utarbeidd skriftlege planar, varierer prosentdelen som svarar *einig* mellom 33 og 100 prosent. Prosentdelen som svarar *einig* varierer frå 0 til 94 prosent på spørsmålet om skulen har utarbeidd tydelege mål, og frå 27 til 100 prosent på spørsmålet om skulen har utarbeidd konkrete tiltak.

Figur 2 Planar, mål og tiltak.



Rektorane sine svar på påstandane i figur 2 syner at 9 av 12 rektorar var *einig* i at skulen har skriftlege planar, medan 3 rektorar var *delvis einig* i dette. Vidare var 5 rektorar *einig* i at skulen deira har utarbeidd tydelege mål, medan 7 rektorar var *delvis einig* i dette. Når det gjeld konkrete tiltak, svarar 9 rektorar at dei er *einig* i at skulen deira har dette, medan 3 rektorar seier seg *delvis einig*.

Respondentane som var *einig* eller *delvis einig* i at skulen deira har utarbeidd konkrete tiltak, fekk spørsmål om dei opplever at desse tiltaka er føremålstenlege. Til dette svarar 52 prosent *i stor grad*, medan 46 prosent svarar *i nokon grad* og 1 prosent svarar *i liten grad*. 1 prosent svarar *veit ikkje*.

3.3.1.4 Evaluering av planar, mål og tiltak


Det blir peika på at overordna evalueringar av dei ovannemnde tiltaka, for å vurdere om dei fungerer i samsvar med målsettingar og intensjonar, blir gjort i samband med første fase i prosjektet «Betre læringsmiljø». Gjennom dette prosjektet blir det gjort ei vurdering opp mot krav om å drive forskingsbasert, sikre kontinuitet og systematikk, samt ha samanfallande verdiar og prinsipp for praksis i barnehage og skule.

I intervju med case-skulane går det fram at skulane pleier å evaluere tiltaka i årshjulet og verksemdsplanen ved slutten av kvart skuleår. Det blir opplyst at lærarane er involverte i evalueringa, noko lærarane ved ein av skulane stadfestar medan lærarane ved ein anna case-skule ikkje opplever noko fast system for evaluering av tiltaka. Ved ein av skulane blir det samla inn skriftlege evalueringar.

Når det gjeld evalueringa av mål, planar og tiltak som gjeld det psykososiale skulemiljøet, seier fem av rektorane seg *einige* i at desse blir evaluerte og oppdaterte jamleg, medan sju rektorar seier seg *delvis einig* i dette. Blant lærarar og andre leiarar med undervisning er det 34 prosent av respondentane i

spørjeundersøkinga som seier seg *einig* i at mål, planar og tiltak blir evaluerte og oppdaterte jamleg, medan 42 prosent seier seg *delvis einig* i denne påstanden (sjå figur 3 under). Respondentane som svarar at dei er *delvis ueinig* eller *ueinig* i denne påstanden fordeler seg på åtte av skulane i kommunen.

Figur 3 Evaluering av mål, planar og tiltak.



3.3.2 Vurdering

Undersøkinga viser at det delvis føreligg planar, mål og tiltak som ledd i det kontinuerlege og systematiske arbeidet knytt til psykososialt skulemiljø ved skulane i Lindås kommune. Det er positivt at skuleeigar ynskjer at skulane skal setje sitt eige fotavtrykk på planane sine slik at dei kjenner eigarskap til desse, men som undersøkinga syner er det fleire skular som ikkje har eigne planar for arbeidet med å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø. Revisjonen meiner det er viktig at kommunen vurderer korleis ein best kan sikre at det føreligg tydelege planar for arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø på alle grunnskulane i kommunen.

Undersøkinga syner òg at det er ein relativt høg prosentdel av dei tilsette, samt sju av tolv rektorar, som berre er delvis einig i at tydelege mål er på plass. Dette indikerer at det er behov for å tydeleggjere også mål for det psykososiale skulemiljøet, og eventuelt avklare i kva grad den enkelte skule er forventa å utarbeide eigne mål og planar for dette arbeidet.

Det er sett i verk ei rekkje tiltak som del av det systematiske og kontinuerlege skulemiljøarbeidet, nokre som er felles for skulane og nokre som er særneigne for enkeltskular. Revisjonen meiner ein kombinasjon av felles og skulespesifikke tiltak synast å vere føremålstenleg. Som undersøkinga syner svarar nær halvparten av respondentane som fekk spørsmål om tiltaka er føremålstenlege, *i nokon grad*. Det å vurdere kva tiltak som fungerer godt og kva tiltak som fungerer mindre godt, og vurdere behov for andre eller justerte tiltak, er ein viktig del av det å evaluere korleis det systematiske skulemiljøarbeidet fungerer.

Ved kvar skule er det viktig at det blir henta inn informasjon frå både tilsette, foreldre og elevar for å kartleggje korleis det førebyggjande arbeidet fungerer, og på grunnlag av den samla informasjonen må skulen vurdere om å det er behov for å endre måten det blir jobba på. Spørjeundersøkinga viser at ein ganske stor del av lærarane er *delvis einige* eller *ueinige* i at mål, planar og tiltak blir jamleg evaluerte og oppdaterte, og dette indikerer etter revisjonen si vurdering at det kan vere rom for ytterlegare tydeleggjering av desse prosessane, og at det kan vere behov for å inkludere lærarane i dette arbeidet i større grad.

3.4 Elevundersøkinga og andre trivselsundersøkingar

3.4.1 Datagrunnlag

Det er obligatorisk for skulane i Lindås kommune å gjennomføre Elevundersøkinga på 7. og 10. trinn om hausten. Kommunalsjef opplyser at nokre skular ynskjer eit større vurderingsgrunnlag, og involverer fleire trinn i undersøkinga. Dette blir stadfesta av spørjeundersøkinga, der det går fram at alle barneskulane nyttar Elevundersøkinga på heile mellomtrinnet, medan ein av skulane også tar den i bruk på småtrinnet. Av ungdomsskulane nyttar ein skule undersøkinga også på 8. trinn og to skular nyttar den på 9. trinn.

Frå tilsendt dokumentasjon går det fram at det var ein skule som ikkje gjennomførte Elevundersøkinga hausten 2018, to skular som ikkje gjennomførte hausten 2017 og ein skule som ikkje gjennomførte hausten 2016. Kommunalsjef er kjend med at tidlegare einingsleiar har hatt dialog med rektorar som ikkje har gjennomført Elevundersøkinga. Ved to av desse skulane var rektor ny den hausten Elevundersøkinga ikkje blei gjennomført, og kommunalsjef trur dei kan ha fått mangelfull informasjon. Kommunalsjef er også kjent med at lærar i eit av tilfella har gløymt å gjennomføre undersøkinga.²²

I spørjeundersøkinga blei lærarane, andre leiarar med undervisning og rektorane (N=201) spurde i kva grad skulen nyttar resultatata frå Elevundersøkinga knytt til tema «Trivsel» og «Trygt miljø» for å vurdere konkrete behov for oppfølging og tiltak. Medan 5 prosent svarar *i liten grad* og om lag 10 prosent *veit ikkje*, svarar 45 prosent at resultatata blir nytta *i stor grad* og 40 prosent *i nokon grad*. Dei som svarte dei to sistnemnde kategoriane blei bedne om å nemne dei viktigaste måtane skulen nyttar resultatata frå Elevundersøkinga på. Av 86 svar, trekkjer det store fleirtalet fram at resultatata blir gjennomgått i ulike fellesmøte på skulen der ein drøftar korleis skulen skal arbeide vidare med resultatata. Om lag 20 prosent av respondentane nemner at Elevundersøkinga legg grunnlaget for ulike former for elevinvolvering, som analyse og samtalar i klassemøte og elevrådsmøte. Det er også nokre som svarar at resultatata blir tatt opp i FAU-møte, SMU-møte og på andre vis lagt fram for foreldra.

Dei ovannemnde bruksområda blir også stadfesta gjennom intervju med rektorane ved case-skulane. Ved ein av desse skulane synte resultatet frå 2018 at relativt mange kjende seg mobba av andre elevar. Skulen har arbeidd målretta med dette trinnet over lengre tid, men sette i etterkant av Elevundersøkinga inn fleire nye tiltak; mellom anna klassemøte kvar veke, i motsetnad til dei andre klassene som har dette kvar 14. dag. På klassemøta er det sett inn ekstra ressursar; tre pedagogar samt helsesjukepleiar er til stades på kvart møte noko som mogleggjer gruppearbeid knytt til ulike tema.

3.4.1.1 Andre trivselsundersøkingar

Det blir opplyst at nokre skular nyttar eigne lokalt utarbeidde trivselsundersøkingar. Av dei fire case-skulane, nyttar tre av dei eigne trivselsundersøkingar. Ved to av skulane er desse ikkje anonyme, medan den tredje skulen har ei delvis anonym undersøking. Det varierer mellom skulane kor ofte desse blir gjennomførte, men som oftast ein gong i halvåret. Ved ein av case-skulane nyttar ein av lærarane enkle trivselsundersøkingar kvar månad for å kjenne til elevane sitt skulemiljø.

Kommunalsjef opplyser at skulane har blitt oppmoda til å nytte verktya *Innblikk*²³ og *Elevens sjølvrapport*²⁴ som grunnlag for djupare innsikt dersom det er behov for det. Det går fram av intervju med rektorane at *Innblikk* har gitt nyttig kompetanse i arbeid med skule- og klassemiljø, og at eigne trivselsundersøkingar mellom anna byggjer på dette verktøyet. Ved ein av case-skulane har ein nytta *Elevens sjølvrapport* systematisk på klassenivå.

I spørjeundersøkinga svarar 62 prosent av lærarane, andre leiarar med undervisning og rektorane (N=201) at skulen gjennomfører andre undersøkingar eller kartleggingar for å få informasjon om trivsel og/eller førekomsten av mobbing og andre krenkingar. Ni prosent svarar *nei* til dette, medan 29 prosent svarar *veit ikkje*. Respondentane blei bedne om å utdjupe kva undersøkingar eller kartleggingar som blir gjennomført. Av 102 svar trekkjer det store fleirtalet fram bruken av ulike lokale trivselskjema og -undersøkingar. Om

²² Det blir også vist til at det i samband med forskingsprosjektet «Et lag rundt eleven» (omtalt i førre kapittel) blei sendt ut ei elevundersøking med tilleggsspørsmål hausten 2017, som medførte at nokre av skulane i kommunen trudde dei hadde gjennomført den obligatoriske Elevundersøkinga.

²³ [Innblikk er ei undersøking i regi av Læringsmiljøsentret.](#)

²⁴ PPT administrer *Elevens sjølvrapport* og held samtalaner knytt til denne.

lag 20 prosent nemner bruken av sosiogram. Elles trekkjer mange av respondentane fram bruken av elevsamtalar som kjelde til informasjon om elevane sin trivsel.

3.4.2 Vurdering

Skulane er pålagde å gjennomføre Elevundersøkinga på 7. og 10. trinn kvar haust. Dette er heimla i forskrift til opplæringslova § 2-3. Det er difor ikkje tilfredsstillande at dette ikkje har blitt gjort på alle skulane hausten 2016, 2017 og 2018. Det er positivt at gjennomføringa av Elevundersøkinga no blir følgt opp av skuleeigar, og revisjonen meiner det er viktig at det blir etablert internkontrollsystem som sikrar at Elevundersøkinga blir gjennomført uavhengig av om nøkkelpersonar blir skifta ut.

Det er positivt at både skuleeigar og den enkelte skule nyttar resultatata frå Elevundersøkinga til å iverksetje konkrete tiltak som til dømes å tilsetje miljøterapeutar (som nemnd i førre kapittel) og å styrke klasse møta. Etter revisjonen si meining viser dette at resultatata frå Elevundersøkinga blir tatt på alvor.

Undersøkinga viser samtidig at det er stor variasjon mellom skulane når det gjeld bruken av andre trivselsundersøkingar. Ein relativt høg prosentdel av dei tilsette som har svart på spørjeundersøkinga (29 prosent) svarar at dei ikkje veit om skulen deira nyttar slike, medan andre skular nyttar fleire forskjellige undersøkingar. Revisjonen meiner det vil styrke det systematiske skulemiljøarbeidet dersom alle skulane nyttar trivselsundersøkingar systematisk, uavhengig av kva metode ein vel. Trivselsundersøkingar er viktige supplement til Elevundersøkinga, for å gjere jamlege kartleggingar av læringsmiljø og trivsel, og i nokre tilfelle også avdekke mobbing. Revisjonen meiner også supplerande undersøkingar er viktige med tanke på at Elevundersøkinga ikkje blir gjennomført på alle trinna.

3.5 Digitale krenkingar

3.5.1 Datagrunnlag

I Lindås kommune si felles forskrift om ordensreglement²⁵ går det mellom anna fram at reglar for god åtferd skal omhandle:

- Bruk av mobiltelefon, iPod, MP3-spelar mv.
- Bruk av skulen sitt datautstyr, internett og e-post (nettvett-reglar, digital plaging og mobbing)²⁶

Utover dette har det vore opp til skulane å avgjere kva reglementet knytt til mobiltelefonar skal vere. Skuleeigar ser det som føremålstenleg at skulane avgjer dette i samarbeid med sine rådsorgan. Kvar av case-skulane har eit ordensreglement som legg opp til mobilfrie skular, men ikkje alle ordensreglementa seier noko om kva sanksjonar som kan nyttast dersom mobiltelefon likevel blir brukt. Av ordensreglementa som skildrar sanksjonane, er det to reglement som seier at føresette må hente indrege utstyr dersom brot på reglane gjentek seg.

Kommunalsjef opplyser at både ungdomsrådet og det reetablerte foreldreutvalet i Lindås kommune ynskjer ein mobilfri skule. Skulane har ulike ordningar for mobiltelefon i dag. På nokre skular skal den ligge avslått i sekken, medan andre skular – mellom anna alle ungdomsskulane – har innført mobilhotell. Rektor ved ein av case-skulane synest det har blitt færre utfordringar knytt til digitale krenkingar i skuletida ved innføring av mobilhotell. Lærarane ved ein av skulane som har mobilhotell peikar på at baksida med dette er dei praktiske utfordringane med å samle inn mobilane. Dei fortel at nokre elevar har skaffa seg to mobilar, og at det generelt sett tar mykje tid å handheve mobilreglementet.

Skuleeigar har ikkje utarbeidd skriftlege rutinar eller strategiar som omhandlar korleis skulane skal arbeide med digitale krenkingar. Dette er opp til den enkelte skule. Case-skulane har heller ikkje utarbeidd slike rutinar eller strategiar, men arbeider med førebygging gjennom opplæring i nettvett, og gjennomfører ulike tiltak relatert til dette. Det blir mellom anna trekt fram besøk av politiet, besøk av Barnevakten²⁷ i klassar og på felles foreldremøte, og føredrag av Mobbeombodet om bruken av sosiale media på felles

²⁵ Lindås kommune. *Forskrift til ordensreglement for grunnskulen i Lindås*. Utan dato.

²⁶ Det blir opplyst at felles forskrift om ordensreglement og Lindås kommune si rettleiing til ordensreglement ikkje er blitt reviderte etter at nytt kap. 9 A blei sett i kraft 1. august 2017, men at desse vil bli handsama i nye Alver kommune.

²⁷ Barnevakten er ei stifting som gir råd om barn, unge og media.

foreldremøte. Mobbeombodet har også vore til stades på ein av case-skulane sin planleggingsdag der personalet frå tre andre skular blei inviterte.

Frå intervju med case-skulane går det fram at digitale krenkingar ikkje er eit stort problem i skuletida ettersom dette er mobilfrie skular. Det blir opplyst at digitale krenkingar i hovudsak skjer på fritida til elevane, og i hovudsak råkar elevane på mellomtrinnet og på ungdomskulen. Både rektorane og lærarane erfarer at både foreldre og elevar melder ifrå dersom dei blir kjent med at nokon er krenkt på sosiale media, både i og utanfor skuletida. Det blir peika på at elevane ofte tar med seg digitale krenkingar på fritida inn i skulekvardagen, og at dette difor er situasjonar som skulen undersøker nærare og prøver å løyse.


Fleire av rektorane opplyser at dei digitale krenkingane hovudsakeleg tar form som utestengingar frå grupper på ulike sosiale media. Ein av rektorane synest at foreldra veit for lite om kva det inneber å gje borna løyve til å delta i slike sosiale media før dei er gamle nok. Ved case-skulane er bruken av sosiale media fast tema på foreldremøte.

Ettersom case-skulane skal vere mobilfrie, opplyser tre av rektorane at dei tilsette drar inn mobilar dersom desse blir observert i bruk i løpet av dagen. Ved ein av skulane blir mobilen også inndrege dersom skulen får melding om at den er i bruk på skulebussen. Det blir peika på at dette er nedfelt i ordensreglementet til skulen, men revisjonen finn i skulen sitt reglement ingen omtale av sanksjonar ved bruk av mobiltelefonar korkje på skulen eller på skulebussen. Skulane som drar inn mobiltelefonen opplever at dette fungerer førebyggjande, då elevane ynskjer å unngå dette. Ein av skulane hadde tidlegare ei ordning der foreldra måtte kome og hente mobilen dersom den blei drege inn ved to høve. Denne praksisen avslutta skulen på grunn av signal frå Utdanningsdirektoratet. Skulen leverer no tilbake telefonen ved skuleslutt.

I spørjeundersøkinga blei lærarar, andre leiarar med undervisning og rektorar spurde om skulen deira har sett i verk tiltak for å førebyggje digital mobbing. Til dette svarar 39 prosent *ja*, medan 29 prosent svarar at slike tiltak *delvis* er sett i verk, 9 prosent svarar *nei* og 23 prosent *veit ikkje*.

Respondentane som svarte *ja* eller *delvis* på spørsmålet om skulen har sett i verk tiltak for å førebyggje digital mobbing, blei spurde om dei opplever at desse tiltaka er tilstrekkelege. Som figur 4 under syner, meiner 16 prosent at tiltaka skulen har sett i verk tiltak for å førebyggje digital mobbing *i stor grad* er tilstrekkelege, medan 68 prosent meiner at tiltaka *i nokon grad* er tilstrekkelege (sjå figur 4).

Figur 4 Tiltak for å førebyggje digital mobbing.



Dei same respondentane fekk oppfølgingsspørsmål om kva tiltak skulen har sett i verk. Av 115 svar, peikar det store fleirtalet på at skulane er mobilfrie, og at mobiltelefonane blir samla inn i skuletida på ulike vis. Om lag 40 prosent av respondentane nemner at nettvett og digital mobbing er tema i ulike fora med foreldra,

særleg foreldremøte, medan om lag 25 prosent opplyser at dei underviser eller samtalar med elevane om nettvett.

3.5.2 Vurdering

Undersøkinga syner at skulane gjennomfører ulike og fleire tiltak for å førebyggje digitale krenkingar, men i spørjeundersøkinga svarar berre 39 prosent av respondentane *ja* på spørsmål om skulen deira har sett i verk tiltak for å førebyggje digital mobbing. Dette kan tyde på at det er behov for at fleire skular gjer meir på dette feltet, og at fleire lærarar blir inkludert i det førebyggjande arbeidet og er medvetne om dei aktivitetane skulane gjer på dette området. Av spørjeundersøkinga går det vidare fram at relativt mange ikkje finn dagens tiltak mot digital mobbing tilstrekkelege. Etter revisjonen si vurdering viser dette at det er behov for å evaluere dagens tiltak og vurdere behov for andre eller endra tiltak. Revisjonen vil i denne samanheng peike på at det kan vere føremålstenleg å leggje til rette for drøfting på tvers av skulane om kva tiltak som fungerer godt/mindre godt. Ettersom det er gjort så mange ulike tiltak ved skulane, meiner revisjonen at erfaringsdeling på tvers kan vere viktig som ledd i arbeidet med å finne fram til tiltak som fungerer, særleg når det gjeld kompliserte tema som utestenging av grupper på ulike sosiale media – eit problem som verkar å gå att på fleire av skulane.

Ifølgje opplæringslova § 9 A-10 tredje ledd kan skulen berre nytte tiltak som er fastsette i ordensreglementet. Det vil seie at alle sanksjonar knytt til mobilbruk må vere heimla i skulane sine ordensreglement. Undersøkinga viser at ikkje alle skulane skildrar kva tiltak skulen kan bruke overfor elevar som bryt reglane for bruk av mobiltelefon. Dette medfører at sanksjonar retta mot elevar som bryt reglane er ulovlege. Revisjonen vil vidare minne om at skulane sitt ordensreglement, ifølgje rundskriv *Ordensreglement Udir-8-2014*,²⁸ ikkje kan regulere fritida til elevane. To av ordensreglementa ved case-skulane legg opp til ein praksis der skulane kan behalde inndrege utstyr utover skuledagen, noko som såleis ikkje er lovleg. Sjølv om ingen av skulane ser ut til å praktisere dette lenger, er det viktig at ordensreglementa er i tråd med gjeldande regelverk.

3.6 Involvering av elevar og føresette

3.6.1 Datagrunnlag

I *Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028* går det fram at førebyggjande miljøarbeid må ha eit sterkt fokus i alle foreldregrupper og rådsorgan i skulen. Det går vidare fram at dersom ein skal lukkast i arbeidet mot mobbing, trengs systematisk arbeid i alle ledd, og eit tett samarbeid med føresette undervegs. Av tiltak som skal fremje medverknaden frå foreldre og elevar går det fram at ein skal ha aktive rådsorgan som elevråd, FAU, SU og SMU.²⁹

Ifølgje *Retningsliner for skulemiljø kapittel 9 A* har rektor ansvar for å informere om alt som er viktig for skulemiljøet, og så tidleg som mogleg ta elevar og foreldre med i arbeidet med skulemiljøtiltak.³⁰

3.6.1.1 Skulemiljøutval

Ifølgje «Kvalitetsplan for oppvekst» skal møte i skulemiljøutvalet gjennomførast fire gonger i året. I spørjeundersøkinga svarar alle rektorane at skulen har eit skulemiljøutval. Av dei fire case-skulane hadde to av skulane ved intervjutidspunktet (mars 2019) ikkje avhalde møte i skulemiljøutvalet inneverande skuleår. Ved dei to andre skulane hadde det òg vore utfordringar med å avhalde møta i skulemiljøutvalet. Rektorane trekkjer fram mange av dei same utfordringane som årsak til at møta ikkje har blitt avhalde; sentrale personar har ikkje hatt høve til å stille i møta, og det har vore vanskeleg å rekruttere både elevar, politikarar og foreldre til utvalet. Fleire av rektorane opplyser at saker som vedkjem elevane sitt skulemiljø har blitt drøfta i FAU i dei periodane skulemiljøutvalet ikkje har hatt møte.

Kommunalsjef har merka seg at fleire skular ikkje har gjennomført møte i skulemiljøutvalet, og opplyser at dette er noko skuleeigar vil arbeide for å få orden i framover. Mellom anna vil ein i skuleleiarmøta arbeide

²⁸ Sist endra 31.07.2017

²⁹ Lindås kommune: *Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028. Kommunedelplan gjeldande frå haust 2016*. Vedteken i kommunestyret 15.09.2016

³⁰ Lindås kommune. *Retningsliner for skulemiljø kapittel 9A 1. august 2017*.

med korleis ein konstituerer og bruker skulemiljøutvala til arbeid med skulemiljøet. Skulemiljøutvalet vil også bli etterspurd i månadlege samtalar mellom kommunalsjef og rektorane.

3.6.1.2 Involvering av elevar


Alle skulane har eit elevråd, og rektorane trekk fram arbeidet i elevrådet og klasse møte som viktige arenaer for å involvere elevane. Tre av skulane har slike klasse møte, anten kvar veke eller annakvar veke. Ved den fjerde skulen hadde ein tidlegare «Klassens time» om lag to gonger i månaden. Dette var ein time der ein kunne ta opp tema som dreidde seg om klassen. Det er ifølgje nasjonale krav til fag- og timefordelinga ved skulane ikkje lenger obligatorisk å ha «Klassens time», og lærarar ved skulen som ikkje lengre har klassens time fortel at dette difor blir nedprioritert. Det kan vere utfordrande for lærarane å prioritere tid til å ta opp skulemiljøet og melde saker til elevrådet i ein travel kvardag. Skulen har elevråd, men dette er ikkje så aktivt, noko lærarane trur har ein samanheng med at elevrådsrepresentantane får færre innspel frå dei andre elevane etter at «Klassens time» er tatt av vekeplanane.

3.6.1.3 Involvering av foreldre

Fleire rektorar trekkjer fram at dei opplever å ha eit godt samarbeid med FAU. Samtidig er det fleire rektorar som etterlyser eit større engasjement frå ein del av foreldra. Ein rektor fortel at det tidlegare har vore utfordrande å få foreldre til å møte på felles foreldremøte. I førekant av eit felles foreldremøte om bruken av sosiale media, arbeidde rektor aktivt med oppmøtet mellom anna gjennom førehandspåmelding og purring på Facebook. Resultatet var at 90 prosent av foreldra møtte.

I spørjeundersøkinga blei rektorar, lærarar og andre leiarar med undervisning spurde om graden av involvering av både elevane ved skulen og elevane sine føresette. Som figur 5 syner, meiner respondentane at elevar og foreldre blir involverte i om lag like stor grad; rundt 20 prosent meiner at elevane og dei føresette blir involverte *i stor grad*, medan om lag 60 prosent meiner at dei blir involverte *i nokon grad*. Nærare undersøkingar av svara viser at det ikkje er så stor variasjon mellom skulane. Til dømes går det fram at dei som svarar *i liten grad* fordeler seg på åtte ulike skular på begge desse spørsmåla.

Figur 5 Involvering av elevar og føresette.



Respondentane som svara anten *i stor grad* eller *i nokon grad*, fekk oppfølgingsspørsmål om å nemne dei viktigaste måtane skulane involverer elevane og foreldra på. Når det gjeld involvering av elevane, blir dialogen i klasse møta trekt fram, samt arbeid i elevrådet, involveringa ved utforminga av sosiale mål, arbeid i MOT-programmet, og ulike tiltak i friminutta. Elevane sine føresette blir involverte gjennom

arbeidet i FAU, klasseforeldremøte, utviklingssamtalar, trivselsarrangement i og etter skuletida og dialog gjennom e-post og telefonsamtalar.

3.6.2 Vurdering

Undersøkinga syner at fleire skular ikkje har gjennomført møte i skulemiljøutvalet skuleåret 2018/19. Skulemiljøutvalet er eit lovfesta organ, og er meint å vere eit sentralt ledd i arbeidet med å sikre medverknad i skulemiljøarbeidet. Det er difor viktig at kommunen sørgjer for at alle skulane gjennomfører møte i skulemiljøutval, og det er positivt at det blir opplyst at dette vil bli følgt opp. Sidan skulemiljøutvalet ikkje synast å vere eit organ som blir aktivt nytta ved skulane, meiner revisjonen også at det er behov for å synleggjere og tydeleggjere ytterlegare kva som kan og bør vere skulemiljøutvalet si rolle ved skulane, og kva saker som kan og bør handsamast av skulemiljøutvalet.

Svar frå spørjeundersøkinga stadfestar at både foreldre og elevar blir involvert i skulemiljøarbeidet, men ein stor del av lærarane opplever at dette skjer berre i nokon grad. Dette indikerer etter revisjonen si vurdering at det er potensial for ytterlegare involvering av både elevar og foreldre. Revisjonen meiner at dette er noko som bør takast opp jamleg, mellom anna i samband med evaluering av det systematiske skulemiljøarbeidet, for å vurdere behov for å gjere endringar i måten elevar og foreldre blir involverte på. Revisjonen vil presisere viktigheita av at elevane i alle klassane blir involverte i større eller mindre grad. Sjølv om skulane ikkje er pålagde å ha ein fast time for drøfting av forhold som ikkje har direkte med fag å gjere, i form av t.d. «Klassens time», er det det viktig at alle skulane legg til rette for at elevane kan drøfte og kome med innspel til skulemiljøarbeidet, i tråd med opplæringslova § 9 A-8.

4. Handtering av konkrete tilfelle der ein elev ikkje har det trygt og godt

4.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

I kva grad er det etablert system og rutinar som medverkar til å sikre at konkrete tilfelle der ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø blir handtert i samsvar med krav i opplæringslova?

Under dette:

- Er det etablert tilfredsstillande rutinar som skildrar korleis den enkelte tilsette og skulen skal følgje opp aktivitetsplikta i opplæringslova § 9 A-4 og dei handlingspliktene som følgjer av denne?
- I kva grad er tilsette på skulane kjende med eventuelle rutinar for å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og handtere saker der dette ikkje er tilfelle?
- I kva grad er det utarbeidd rutinar for skjerpa aktivitetsplikt i saker der ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev, og i kva grad er ev. slike rutinar kjent blant lærarane?
- I kva grad er det etablert rutinar for å sikre at involverte elevar blir høyrde og at eleven sine meiningar blir vektlagt i arbeidet med å finne eigna tiltak for å sikre at eleven får det trygt og godt på skulen?
- I kva grad blir saker der ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, følgt opp i samsvar med krav i opplæringslova, mellom anna med utarbeiding av aktivitetsplan?
- I kva grad er det etablert rutinar for å sikre at skulane informerer elevane og foreldra om rettane til eit trygt og godt skulemiljø, om tilsette si aktivitetsplikt og om elevane og foreldra sitt høve til å melde saka til Fylkesmannen dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø?

4.2 Revisjonskriterium

Handtering og oppfølging av konkrete tilfelle der skulemiljøet ikkje er trygt og godt

Opplæringslova § 9 A-4 omhandlar aktivitetsplikta til skulane. Aktivitetsplikta skal bidra til å sikre at elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. oppl. § 9 A-2, blir ivareteke.

Opplæringslova § 9 A-4 første til femte ledd definerer aktivitetsplikta:

Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

I Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv *Skulemiljø Udir-3-2017* blir kvar av handlingspliktene i aktivitetsplikta nærare utdjupa, og det blir presisert at dei tre første pliktene er lagt til *alle som arbeider* ved skulen, medan pliktene til å undersøkje og eventuelt setje inn tiltak kvilar på *skulen*.

Eleven sin rett til å bli høyr

Opplæringslova lovfestar gjennom § 9 A-4 femte ledd eleven sin rett til å bli høyr og eleven sitt beste som grunnleggjande omsyn i alle skulen sine vurderingar og handlingar for å oppfylle aktivitetsplikta:

Skolen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.

Ifølgje forarbeida skal skulen utføre aktivitetane for å oppfylle aktivitetsplikta i samråd med elevane som blir påverka av desse. Forarbeida presiserer at ein elev som krenkjer, eller er mistenkt for å krenkje andre elevar, skal ha same rett til å bli høyr i saka som den eleven som kjenner seg krenkt.³¹

Krav til dokumentasjon

I opplæringslova § 9 A-4 sjette og sjuande ledd går følgjande fram:

Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak skolen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast.

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.

Plikta til å setje i verk tiltak og lage ein skriftleg plan (aktivitetsplan) i ei enkeltsak blir utløynt når skulen får kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt, anten gjennom undersøkingar på eige initiativ eller etter at ein elev sjølv seier ifrå.³² Det blir presisert i forarbeida til kap. 9 A, at bokstav a) til e) berre er minimumskrav.³³

Dokumentasjonskrava til skulen er ifølgje Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv *Udir-3 2017* todelt; i tilfelle der det må setjast inn tiltak i enkeltsaker skal det utarbeidast ein skriftleg aktivitetsplan. I tillegg er det krav om at skulen må dokumentere meir overordna kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta. Kravet til dokumentasjon er at den skal sørgje for tydeleg informasjon til elevar og foreldre, samt at saka og kva som er gjort blir etterprøvbart.

Skjerpa aktivitetsplikt når ein som arbeider ved skulen krenkjer ein elev

Ny § 9 A-5 i opplæringslova pålegg tilsette ei skjerpa aktivitetsplikt i tilfelle der ein som arbeider ved skulen krenkjer ein elev:

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skoleeigaren.

Frå forarbeida går det fram at dei fem delpliktene som gjeld for § 9 A-4, også gjeld for § 9 A-5.

Informasjonsplikt til elevar og foreldre

Opplæringslova § 9 A-9 omhandlar informasjonsplikt og rett til å uttale seg. Første ledd stiller krav om at skulane skal informere elevar og foreldre om rettane etter kapittel 9 A:

Skolen skal informere elevane og foreldra om rettane i dette kapitlet. Skolane skal òg informere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 og om høvet til å melde saka til Fylkesmannen etter § 9 A-6.

Sjå vedlegg 2 for utfyllande revisjonskriterium.

³¹ Prop. 57 L (2016–2017): *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skolemiljø)*. Side 29.

³² Utdanningsdirektoratet: *Skolemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 10.05.2019. Side 17.

³³ Prop. 57 L (2016–2017): *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skolemiljø)*.

4.3 Rutinar for oppfølging av aktivitetsplikta

4.3.1 Datagrunnlag

I samband med endringane i opplæringslova kap. 9 A utarbeidde Lindås kommune *Retningsliner for skulemiljø kapittel 9 A*, datert 1. august 2017. Retningslinene inneheld utdrag frå opplæringslova §§ 9 A-2 til 9 A-7. I retningslinene går det fram kva som er rektor sitt ansvar, kva som er dei tilsette sitt ansvar og kva som er skuleeigar sitt ansvar.

Rektor har mellom anna ansvar for «Å etablere og følgje opp system for systematisk arbeid for eit godt skulemiljø». Under dette går følgjande punkt fram:

- *Innhald i rutine for å følgje aktivitetsplikta:*
 - *Følgje med*
 - *Gripe inn*
 - *Varsle rektor*
 - *Undersøkje*
 - *Følgje opp melding om krenking/mobbing – Ta stilling i saka*
 - *Sikre at eleven si stemme kjem fram – Kva som er eleven sitt beste skal vere eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid*
 - *Setje inn tiltak*
 - *Sikre støtte til elevar som blir utsett for mobbing*

Intervju og dokumentasjon frå case-skulane syner at skulane i varierende grad har utarbeidd egne rutinar for å følgje aktivitetsplikta. To av skulane har utarbeidd korte skildringar av aktivitetsplikta og dei ulike handlingspliktene. Ved ein av skulane går desse fram i form av ei setning per handlingsplikt i skulen sin handlingsplan ved kriser og ulukker. Den andre av desse skulane har skildra handlingspliktene i ein handlingsplakat, samt eit kort skriv der dei tre handlingspliktene til alle tilsette er skildra nærare. Det blir peika på at lange skriftlege rutinar ikkje vil bli nytta i ein travel skulekvardag. Ved dei to andre case-skulane er det ikkje utarbeidd egne rutinar knytt til aktivitetsplikta og handlingspliktene som følgjer av denne, men ein av desse skulane har ei «Rutineskildring» i form av eit årshjul (sjå også kap. 3.3) der det går fram at «kontinuerleg arbeid i samsvar med handlingsplikta ved krenkjande åtferd» er «alle tilsette» sitt ansvar «gjennom heile året».

Ved skulen som ikkje har utarbeidd skriftlege rutinar for korleis aktivitetsplikta og dei ulike handlingspliktene skal følgjast opp, blir det peika på at plikta til å gripe inn og plikta til å varsle er tema ved skulestart. Rektor ved denne skulen kunne tenkt seg at skuleeigar utarbeidde fleire felles skriftlege rutinar, då vedkomande opplever at arbeidet med å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø krev mykje ressursar av skulen, og at det difor kunne vore føremålstenleg å utvikle nokre fleire felles malar og rutinar.

Når det gjeld plikta til å følgje med viser tre av dei fire case-skulane til inspeksjonsplanane sine. Særleg barneskulane peikar på desse som viktige, ettersom dei skildrar kor dei vaksne skal vere i friminutta, og kor dei skal vere i overgangar som inn og ut frå friminutt. Rektorane opplyser at skulen tilpassar inspeksjonsplanen etter kor ein ser at behovet er størst. I fleire av dei tilsendte inspeksjonsplanane går det òg tydeleg fram kva vaksen som har ansvar for å halde auge med enkeltelevar. Ingen av skulane har skriftleggjort rutinar for å identifisere særleg sårbare elevar som grunnlag for å kunne følgje spesielt med på desse. Dette er heller ikkje omtalt i retningsliner utarbeidd av skuleeigar.

Det er ikkje gitt føringar frå skuleeigar si side om korleis tilsette skal varsle rektor i tilfelle der tilsette har fått kjennskap til eller mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt. Ved tre av skulane er det utarbeidd egne varslings skjema for kap. 9 A-saker. Det blir opplyst at føremålet med varslings skjema har vore å gjere varslingsrutinane meir skriftlege.

I spørjeundersøkinga fekk alle rektorane spørsmål om skulen har etablert skriftlege rutinar som sikrar at alle tilsette og skulen ivaretek dei ulike handlingspliktene. Svara til rektorane går fram av tabellen under, og syner at 10 av 12 rektorar svarar at skulen deira har skriftlege rutinar for plikta til å *følgje med*, medan 9 av 12 rektorar opplyser at det er rutinar for plikta til å *gripe inn*, plikta til å *varsle*, og plikta til å *setje inn tiltak*. 8 av 12 rektorar svarar at skulen har skriftlege rutinar for plikta til å *undersøke*. Ingen av rektorane svarar *nei* på desse spørsmåla.

Tabell 2 Skriftlege rutinar for handlingspliktene (svar frå rektor).

Handlingsplikt	Ja	Delvis
Plikta til å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø	10	2
Plikta til å gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering	9	3
Plikta til å varsle rektor ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø	9	3
Plikta til å undersøke saker der det er mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt	8	4
Plikta til å setje inn tiltak som sørgjer for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø	9	3

4.3.2 Vurdering

Det er positivt at skuleeigar utarbeidde felles retningslinjer for skulemiljø til skulestart 2017. Retningslinjene operasjoniserer likevel ikkje lovkrava utover det som står i lova. Ut frå ordlyden i retningslinjene forstår revisjonen det slik at kvar rektor har ansvar for at det blir utarbeidd rutinar for at dei enkelte handlingspliktene blir oppfylt. Dette er til dels gjort ved ein del av skulane, men ikkje ved alle. I den grad det er utarbeid eigne rutinar, varierer detaljnivået mykje. Det synast difor etter revisjonen si vurdering å vere behov for å tydeleggjere kva som er forventa av den enkelte rektor på dette området, for å sikre ei felles forståing på tvers av skulane.

Det er vidare revisjonen si vurdering at det kan vere føremålstenleg at det blir etablert enkelte felles rutinar knytt til ivaretaking av dei ulike handlingspliktene. Dette for å sikre ei mest mogleg felles forståing av kva som ligg i pliktene, og at den enkelte tilsette si oppfølging i minst mogleg grad er personavhengig. Til dømes meiner revisjonen det kan vere føremålstenleg at det blir gitt nokre føringar knytt til det å identifisere særleg sårbare elevar. Kjennskap til kva elevar som er å rekne som særleg sårbare er sentralt for å kunne ivareta plikta til å følgje med på ein tilfredsstillande måte, jamfør mellom anna rundskriv *Skulemiljø Udir-3-2017*. Vidare vil det vere viktig at skulane har rutinar for korleis kvar enkelt tilsett eller vaksen skal gå fram for å *gripe inn* mot krenkingar.

4.4 Kjennskap til rutinar for oppfølging av aktivitetsplikta

4.4.1 Datagrunnlag

Ifølgje *Retningslinjer for skulemiljø kapittel 9 A* har rektor ansvar for kompetansetiltak overfor tilsette for å førebyggje, avdekke og stoppe krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Kompetansetiltaka skal også sikre at dei tilsette forstår aktivitetsplikta.³⁴ Det blir opplyst at skuleeigar har vore oppteken av å formidle rektorane sitt ansvar, og i ein e-post frå kommunalsjef til rektorane, datert 3. august 2017, går følgjande fram: «Vi må sikre at kvar einskild tilsett forstår si aktivitetsplikt, kjenner godt til innhaldet i retningslina og arbeider i samsvar med intensjonen i lovverket.»

Rektorane ved case-skulane opplyser at gjennomgang av aktivitetsplikta er fast tema ved skulestart. Ved to av skulane er denne gjennomgangen ved skulestart nedfelt i deira «Rutineskildding» som er eit årshjul.

³⁴ Lindås kommune. *Retningslinjer for skulemiljø kapittel 9A 1. august 2017*.

I den eine av desse rutineskildringane er det tydeleggjort at aktivitetsplikta skal gjennomgåast, og at rektor skal gå gjennom kven som har ansvar for kva.

I spørjeundersøkinga fekk alle dei tilsette spørsmål om kor ofte dei vanlegvis får ein gjennomgang av rutinar knytt til aktivitetsplikta. Resultata syner at det vanlegaste er *årleg* (33 prosent) og *halvårleg eller oftare* (33 prosent). 15 prosent svarar at ein slik gjennomgang skjer *ved behov* og 18 prosent svarar *veit ikkje*. Nokre få respondentar svarar *berre ved tilsetjing* (1) og *aldri* (2).

Ved fleire av skulane opplyser rektor at aktivitetsplikta er tema på ein planleggingsdag før skulestart der også dei tilsette ved SFO er til stades. Ein av case-skulane tar opp aktivitetsplikta i eit eige assistentmøte, og assistentane har blitt oppmoda til å ta alle små og store saker til kontaktlærar eller SFO-leiar for at dei skal kunne gjere ei vurdering av om det skal varslast vidare til rektor. Rektor ved denne skulen erfarer at assistentane har tatt eit større ansvar etter lovendringa kom. Det kjem ofte beskjedar frå assistentane om hendingar eller enkelte elevar dei er uroa for.

Det er ikkje utarbeidd eit system for å sikre informasjon om aktivitetsplikta til andre som arbeider på skulane, utan å vere tilsett der. Dette gjeld til dømes reinhaldarar og vaktmeistrar. Det blir opplyst at kommunalsjef for oppvekst skal ha eit eige møte med reinhaldspersonellet i kommunen for å informere dei om aktivitetsplikta. Fleire av dei intervjua rektorane har hatt eigne samtalar med reinhaldspersonalet om aktivitetsplikta. Ein av rektorane har også hatt ein samtale med vaktmeister, medan andre rektorar ikkje har gjort dette fordi skulen ikkje har ein fast vaktmeister.

Arbeid med aktivitetsplikta gjennom året


Rektorane ved case-skulane peikar på at innhaldet i aktivitetsplikta også blir repetert i løpet av skuleåret. Ved fleire av case-skulane har dei tilsette drøfta ulike problemstillingar som har dukka opp. Ein rektor trekk fram at skulane har drøfta at det er ulike tersklar mellom elevane når det gjeld i kva grad dei opplever at dei blir krenka. Ved ein anna skule har det mellom anna vore tema at det er ulike tersklar mellom dei tilsette for kva tid dei grip inn i situasjonar eller fattar mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt. Ved ein anna skule har det blitt arbeidd med korleis ein skal «scanne» skuleområdet i friminutta, korleis følgje med, gripe inn osv. Dette arbeidet er ikkje nedfelt i skriftlege planar eller rutinar.

Ved ein av skulane har skulen på eige initiativ utarbeidd case-oppgåver som har blitt lagt til grunn for gruppevise drøftingar kring aktivitetsplikta. Rektor fortel at ein gjer dette for å trene opp beredskap og for å sikre at tilsette har forstått aktivitetsplikta. Ein anna skule har nytta filmsnuttar frå Udir som utgangspunkt for drøftingar i personalet. Ved ein tredje skule har særleg *gripe inn*-plikta blitt problematisert, og kor langt ein kan gå for å roe ned ein utagerande elev.

I spørjeundersøkinga fekk dei tilsette spørsmål om skulen har skriftlege rutinar som skildrar alle tilsette si plikt til å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og korleis denne plikta ivaretakast av den enkelte tilsette. Som figur 6 syner, svarar 74 prosent av dei tilsette *ja* på dette spørsmålet. Samtidig svarar 14 prosent *delvis*, medan 12 prosent av dei tilsette svarar *veit ikkje*.³⁵ Ved nærare undersøkingar av svarfordelinga går det fram at det er variasjonar mellom skulane. Prosentdelen som svarar ja, varierer frå 14 prosent til 95 prosent.

³⁵ Det er tre respondentar som svarar nei på dette spørsmålet, men dette blir runda av til 0,4 prosent og deretter 0 prosent når vi ikkje har med desimalar.


Figur 6 Rutine for plikta til å følgje med.



På spørsmål om skulen har *skriftlege rutinar* for kva dei tilsette skal gjere i situasjonar der dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, fordeler svara til dei tilsette seg heilt likt som i figur 6 over. Prosentdelen som svarar *ja*, varierer i like stor grad i dette spørsmålet. Dei tilsette blei også spurde om dei har fått informasjon om kva dei skal gjere i situasjonar der dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Til dette svarar 76 prosent *ja*, 19 prosent *delvis*, medan 4 prosent svarar *nei* og 1 prosent *veit ikkje*.

Vidare i spørjeundersøkinga fekk dei tilsette spørsmål om dei kjenner seg trygge på i kva tilfelle dei skal gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, og om dei er trygge på i kva tilfelle dei skal varsle rektor om saker som gjeld elevar sitt psykososiale skulemiljø. Svara går fram av figur 7 under, og viser at det er noko meir usikkerheit blant dei tilsette knytt til plikta til å varsle enn plikta til å gripe inn. I begge tilfella er det ein liten prosentdel, 3-4 prosent, som svarar *nei* på spørsmålet om dei er trygge på kva tid dei skal gripe inn og kva tid dei skal varsle. Det er i begge spørsmåla respondentar som svarar *delvis* ved alle dei 12 skulane.

Figur 7 Tryggleik knytt til når ein skal gripe inn og når ein skal varsle.



4.4.2 Vurdering

Det er etter revisjonen si vurdering positivt at det har blitt arbeidd mykje med endringane i opplæringslova kap. 9 A ved skulestart både i 2017 og 2018, og at det også har vore tema i ulike fellesmøte ved skulane i løpet av skuleåret. Spørjeundersøkinga syner at mesteparten av lærarane meiner at skulen deira har skriftlege rutinar som skildrar plikta til å følgje med, samt kva dei skal gjere i situasjonar der dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Likevel er det ein del lærarar som svarar at skulen deira *delvis* har slike skriftlege rutinar, noko som anten kan tyde på at skulane deira ikkje har tilstrekkelege skriftlege rutinar, eller at det ikkje er gjort nok for å gjere dei tilsette kjende med skulen sine skriftlege rutinar.

Når det gjeld dei ulike pliktene som alle tilsette har ansvar for, merkar revisjonen seg at det er ein del lærarar som ikkje er heilt trygge på kva tid dei skal gripe inn og kva tid dei skal varsle rektor. Revisjonen vil presisere viktigheita av at det framover framleis blir retta merksemd mot forståinga av dei ulike handlingspliktene som inngår i aktivitetsplikta, slik at ein sikrar at alle tilsette er godt kjende med desse, og i størst mogleg grad føler seg trygge på praktiseringa av dei ulike pliktene.

Revisjonen vil også peike på viktigheita av at *alle som arbeider på skulane* er kjend med plikta til å følgje med, gripe inn og varsle rektor, også personar som ikkje er tilsett ved skulane. Det føreligg per i dag ikkje rutinar for å sørgje for jamleg informasjon om aktivitetsplikta til alle som arbeider på skulane, og det er revisjonen si vurdering at kommunen bør vurdere å etablere rutinar for å sikre at ulike yrkesgrupper som jamleg utfører arbeid ved skulane i kommunen er informert om aktivitetsplikta.

4.5 Skjerpa aktivitetsplikt

4.5.1 Datagrunnlag

I *Retningsliner for skulemiljø kapittel 9 A* er innhaldet i opplæringslova § 9 A-5 om skjerpa aktivitetsplikt kopiert inn, og vidare går det fram at rektor har ansvar for å «Skildre korleis gå fram i høve til skjerpa aktivitetsplikt når vaksne krenkjer.» Kommunalsjef har munnleg minna om at skuleeigar skal varslast i saker der ein vaksen er skulda for å krenke ein elev. Det blir stadfesta frå dei intervjua rektorane at dette er praksis ved skulane. Også dei tilsette sitt ansvar går fram av *Retningsliner for skulemiljø kapittel 9 A*:

- Å straks varsle rektor ved mistanke om, eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering (varsle same dag)
- Å straks varsle einingsleiar og kommunalsjef dersom det er ein i leiinga som står bak krenkinga (varsle same dag)³⁶

Ved dei fire case-skulane er det ikkje utarbeidd ytterlegare skildringar for kva dei tilsette skal gjere dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev. Under intervju med rektorane ved dei fire skulane blir det stadfesta at skjerpa aktivitetsplikt ikkje er skriftleg skildra i eigne rutinar, men at det har blitt tatt opp ved gjennomgang av kap. 9 A ved skulestart. Det har blitt kommunisert at dei tilsette skal ta direkte kontakt med skuleeigar dersom nokon i skuleleiinga krenkjer ein elev. I intervju blir det stadfesta at lærarane synast å vere godt kjende med dette. Vidare fortel ein av rektorane at det blir informert om skjerpa aktivitetsplikt på medarbeidarsamtalar med lærarane.

Det blir opplyst at det har vore få tilfelle av saker der ein vaksen har krenka ein elev i grunnskulane i Lindås kommune. Fleire av dei intervjua har likevel erfart saker der dette har vore tema. Det blir opplyst at desse sakene ofte har botna i misforståingar, der tilsett og elev har hatt ulik oppfatning av kva som er kommunisert. Ein av rektorane meiner at slike misforståingar mellom anna oppstår fordi den tilsette ikkje er tilstrekkeleg medviten si eiga vaksenrolle og asymmetrien i maktforholdet overfor elevane. Dei intervjua fortel at dei fleste sakene som har oppstått har blitt løyst på eit lågt nivå gjennom dialog.

I saker der ein tilsett blir skulda for å krenke ein elev, har kommunen generelle oppfølgingsrutinar av tilsette, som mellom anna involverer bedriftshelsetenesta. I samband med spørjeundersøkinga har revisjonen fått innspel frå hovudverneombod i Lindås kommune om at oppfølginga av den tilsette i slike


³⁶ Lindås kommune. *Retningsliner for skulemiljø kapittel 9A 1. august 2017.*

tilfelle ikkje er tilstrekkeleg. Kommunalsjef opplyser at fokuset i dei kommunale retningslinene så langt har vore på korleis ein skal sikre eleven eit trygt og godt miljø. Det er tatt initiativ til eit arbeid for å også lage retningslinjer for korleis ein skal ivareta den tilsette i desse situasjonane.

Rektorane løfter fram fleire utfordringar knytt til den skjerpa aktivitetsplikta. Mellom anna blir det peika på at det kan oppstå vanskelege situasjonar dersom dei tilsette må gripe fysisk inn for å beskytte andre barn, noko den utagerande/valdelege eleven og/eller foreldra kan oppfatte som krenkjande. Det blir også peika på at nokre elevar opplever grensesetting frå lærar som krenkjande. Frå intervju med lærarane blir det også peika på at krenkande oppførsel frå tilsette kan opplevast som eit litt tabubelagt tema, ettersom ein som lærar kan kjenne seg forplikta til å vere lojal overfor dei andre lærarane.

I spørjeundersøkinga svarar 53 prosent av dei tilsette *ja* på spørsmål om skulen har skriftlege rutinar som skildrar kva tilsette skal gjere dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev. Vidare svarar 15 prosent *delvis*, 4 prosent *nei* og 28 prosent *veit ikkje*. Vidare blei dei tilsette bedne om å ta stilling til påstanden «Eg veit korleis eg skal handtere tilfelle der eg får mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev.» Til dette seier 55 prosent seg *einig*, medan 36 prosent er *delvis einig* (sjå figur 8).

Figur 8 Kjennskap til rutinar ved skjerpa aktivitetsplikt.



4.5.2 Vurdering

Det er etter revisjonen si vurdering positivt at skjerpa aktivitetsplikt er nemnd i dei kommunale retningslinene og at desse legg opp til at rektor skal skildre korleis ein skal handtere skjerpa aktivitetsplikt når vaksne krenkjer. Undersøkinga syner samtidig at dei intervjua rektorane ikkje har gjort dette, og det går fram av resultata frå spørjeundersøkinga at nær halvparten av dei tilsette ikkje svarar *ja* på spørsmål om skulen har skriftlege rutinar for situasjonar der ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev. Ein relativt stor prosentdel svarar *veit ikkje*. Revisjonen meiner dette viser eit behov for å arbeide vidare med utarbeiding og tydeleggjing av rutinar for skjerpa aktivitetsplikt ved den enkelte skule.

Sjølv om ein ved skulane har omtalt den skjerpa aktivitetsplikta ved gjennomgangen av kap. 9 A, syner spørjeundersøkinga at mange lærarar ikkje er trygge på kva dei skal gjere i tilfelle der dei får mistanke om eller kjennskap til at ein lærar krenkjer ein elev. Dette stadfestar etter revisjonen si vurdering at det er behov for at det blir utarbeidd tydelegare rutinar for den skjerpa aktivitetsplikta. Vidare er det viktig at dette temaet også framover blir tatt opp og drøfta med dei tilsette på skulane, for å sikre at eventuelle tilfelle som kjem inn under den skjerpa aktivitetsplikta blir fanga opp og følgt opp i samsvar med krav i regelverket.

4.6 Medverknad frå involverte elevar

4.6.1 Datagrunnlag

Ifølgje *Retningsliner for skulemiljø kapittel 9 A* har rektor ansvar for å utarbeide ein rutine for å følgje aktivitetsplikta, som skal sikre at eleven si stemme kjem fram. Det går òg fram av retningslinene at tilsette har ansvar for å sørge for at involverte elevar blir høyrde i saka, og ta omsyn til kva som er best for elevane.³⁷

Ved case-skulane er det ikkje utarbeidd eigne rutinar for korleis ein skal sikre at eleven sine meiningar blir vektlagt i arbeidet med å finne eigna tiltak for å sikre at eleven får det trygt og godt på skulen. Frå intervju med rektorane går det fram at involverte elevar alltid blir snakka med og høyrde. Det blir opplyst at graden av medverknad ved utarbeidinga av tiltaka i aktivitetsplanen varierer etter alderen på eleven; dei yngste har ikkje dei same kapasitetane til å uttrykkje ynskjene sine som eldre elevar har.

I stikkprøvekontrollen som er gjennomført, går det fram at elevane som ikkje har det trygt og godt blir høyrde gjennom samtalar både ved utarbeiding av aktivitetsplan og undervegs i perioden der tiltaka utspelar seg. Graden av medverknad synast å variere med bakgrunn i alderen til dei involverte elevane, i samsvar med det som blir uttalt i intervju. Den yngste eleven i stikkprøvane har ikkje vore med på møta mellom skulen og eleven sine føresette der aktivitetsplan er utarbeidd, men det går fram frå referat at eleven har «(...) gitt uttrykk for i samtale med føresette at (...)». Seinare, i perioden der tiltaka blir iverksett, har skulen jamlege samtalar med eleven.

Felles for sakene i stikkprøvekontrollen er at skulen har jamlege samtalar med den krenka eleven som ikkje har det trygt og godt undervegs i tiltaksperioden for å høyre korleis det går med eleven. Fleire rektorar peikar på at dei har arbeidd med å finne ein god form på denne innhentinga av informasjon. Det blir det peika på at synspunkta til dei minste elevane kan variere mykje frå dag til dag. Ved fleire skular nyttar ein difor enkle illustrasjonar for å jamleg fange opp korleis dei minste elevane som er involverte i ein tiltaksplan har det på skulen. Dette kan til dømes vere «tommel-opp»- og «tommel-ned»-bilete eller fargelegging av termometer. Sistnemnde metode for å fange opp korleis det går med dei minste elevane har våren 2019 blitt lagt fram i skuleleiarmøte for erfaringsdeling.

Ut frå stikkprøvane varierer det i kva grad det går fram at eleven sine meiningar blir *vektlagt* i arbeidet med å finne eigna tiltak. I ei av sakene er eleven med på eit møte der vedkomande får aktivitetsplanen til gjennomlesing, men det går ikkje fram om nokre av tiltaka er ønskt frå eleven si side. I ei anna sak går det tydeleg fram at rektor fortel eleven at det vil bli laga ein aktivitetsplan med grunnlag i samtalen deira, og at rektor inviterer eleven og foreldre til å utforme planen. Frå referatet frå samtalen står det at eleven ikkje ynskjer å gjennomføre eit av tiltaka rektor føreslår, og at skulen difor skal sjå på eit anna alternativ.

Dei intervjuja lærarane opplyser at alle partane i saka blir tatt inn til samtale med kontaktlærer når ein situasjon oppstår. Ein av lærarane har likevel kjennskap til ei sak der eleven som blei skulda for å ha krenka, ikkje blei involvert og snakka med.


I spørjeundersøkinga fekk rektorar, andre leiarar som har undervisning og kontaktlærarar spørsmål om skulen har etablert skriftlege rutinar for å sikre medverknad frå involverte elevar i saker der ein skal finne eigna tiltak for å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø. Nær halvparten av respondentane, 44 prosent, svarar *ja* til dette, medan 21 prosent svarar *delvis* og 3 prosent svarar *nei*. 32 prosent svarar *veit ikkje*. Ved nærare undersøkingar av svarfordelinga går det fram at prosentdelen som svarar *ja* varierer mellom skulane, frå 6 prosent til 100 prosent. Dei som svarar *nei* fordeler seg på tre barneskular, medan dei som svarar *veit ikkje* fordeler seg på 10 av 12 skular.

Rektorane, andre leiarar med undervisning og kontaktlærarane blei også bedne om å ta stilling til to påstandar knytt til involvering av elevar. Resultata går fram av figur 9 og syner at respondentane svarar om lag det same til påstanden om at involverte elevar blir høyrde i arbeidet med å finne eigna tiltak, som til påstanden om at meiningane til involverte elevar blir vektlagde i arbeidet med å finne eigna tiltak. Høvesvis 54 og 57 prosent er *einig* i desse påstandane, medan høvesvis 33 og 29 prosent er *delvis einig*.

³⁷ Lindås kommune. *Retningsliner for skulemiljø kapittel 9A 1. august 2017*.

På begge påstandane svarar 5 prosent at dei er *delvis ueinige*. Respondentane som delvis ueinige fordeler seg ved tre av skulane i kommunen.

Figur 9 Elevmedverknad i arbeidet med å finne eigna tiltak.



4.6.2 Vurdering

Det er positivt at kommunen sine felles retningslinjer skildrar eleven sin rett til medverknad. Undersøkinga syner samtidig at skulane ikkje har utarbeidd eigne rutinar for å sikre at dette skjer i praksis. Revisjonen meiner det er viktig at skuleeigar tydeleggjer denne forventninga overfor skulane, for å sikre at lovkrava på dette området blir tydeleg formidla og blir mest mogleg likt praktisert av leiarar og andre tilsette på skulane. Resultata frå spørjeundersøkinga indikerer at det er eit behov for at skulane, eventuelt skuleeigar, utarbeider ytterlegare rutinar for å høyre involverte elevar og vektleggje deira meningar. Det kan til dømes vere aktuelt å innarbeide punkt om elevmedverknad i malen for aktivitetsplan, for å bidra til auka fokus på dette lovkravet.

Stikkprøvekontrollen syner at involverte elevar blir snakka med ved utarbeiding av aktivitetsplan og undervegs, men i fleire av aktivitetsplanane er det utydeleg om meningane til elevane er vektlagde. Revisjonen vil difor presisere viktigheita av at også elevane sin rett til medverknad, og viktigheita av at deira synspunkt blir vektlagde, er tema som jamleg blir tatt opp og drøfta på skulane. Revisjonen vil også peike på viktigheita av at skulen høyrer alle dei involverte elevane, også elevane som eventuelt er skulda for å ha krenka ein anna elev.

4.7 Oppfølging av saker der ein elev ikkje har det trygt og godt

4.7.1 Datagrunnlag


4.7.1.1 Kjennskap til tilfelle der elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø

I spørjeundersøkinga blei alle dei tilsette bedne om å ta stilling til påstandar som omhandlar kjennskap til at elevar blir krenka av anten medelevar eller ein vaksen, og kjennskap til tilfelle som ikkje har blitt tilstrekkeleg følgt opp frå skulen. Resultata går fram av figur 10 under.

Frå resultata går det mellom anna fram at om lag 60 prosent av respondentane anten er *einig* eller *delvis einig* i at dei veit om elevar ved skulen som blir utsett for krenking som mobbing, vald, diskriminering eller trakassering av andre elevar. Det er til saman 40 prosent som svarar at dei er *delvis ueinig* eller *ueinig* i

dette. Prosentdelen som svarar dette varierer frå seks prosent til 50 prosent, og fordeler seg på alle dei 12 skulane i kommunen.

Figur 10 Kjennskap til elevar som blir krenka.



Som figur 10 syner er det langt færre, til saman 8 prosent, som har kjennskap til at elevar blir krenka av ein eller fleire vaksne som arbeider på skulen. Dei som svarar *einig* på denne påstanden fordeler seg på to skular, medan dei som svarar *delvis einig* arbeider ved ytterlegare seks skular.

Til påstanden om kjennskap til tilfelle av mobbing eller andre krenkingar som ikkje har blitt følgt tilstrekkeleg opp frå skulen si side, svarar 3 prosent *einig*, medan 10 prosent er *delvis einig*. Dei som svarar *einig* fordeler seg på fem ulike skular, medan dei som svarar *delvis einig* arbeider ved ytterlegare fem skular.

4.7.1.2 Skriftleg plan

Ifølgje *Retningslinjer for skulemiljø kapittel 9 A* har rektor ansvar for å skildre korleis lage skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. Det går også fram at rektor har ansvaret for å lage ein skriftleg plan innan ei veke frå kjennskap til saka når det skal gjerast tiltak i ei sak. Retningslinjene spesifiserer kva planen skal innehalde:³⁸

- *Kva problem tiltaka skal løyse*
- *Kva tiltak skulen har planlagt*
- *Når tiltaka skal gjennomførast*
- *Kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka*
- *Når tiltaka skal evaluerast*

I forkant av skulestart i 2017, hadde kommunen utarbeidd ein mal for å lage skriftlege planar i tilfelle der elevar ikkje har det trygt og godt på skulen. Det blir opplyst at kommunalsjef hadde tett dialog med Fylkesmannen i prosessen med å utarbeide ny mal, og at malen også har vore arbeidd med i skuleleiarmøta i fleire omgangar. I malen for skriftleg plan er det lagt inn ein liten tekst om kva rektor skal skrive inn under kvar av følgjande overskrifter: *Dokument i saka, Vurdering av om eleven sine rettar er ivaretatt, Kva problem tiltaka skal løyse, Skildring av tiltak, Lovheimel, og Oppfølging.*

³⁸ Lindås kommune. *Retningslinjer for skulemiljø kapittel 9A 1. august 2017.*

Rektorane ved case-skulane opplyser at mål for skriftleg plan blir nytta. Stikkprøvekontrollen stadfestar dette. Det er stor variasjon mellom skulane i kor mange aktivitetsplanar som er utarbeidde, særleg skuleåret 2017-2018 der fem skular hadde mellom null og to aktivitetsplanar, to skular hadde 10 aktivitetsplanar og ein skule hadde 28 planar. For inneverande skuleår fordeler aktivitetsplanane seg meir jamt, men det er to skular som ikkje har nokon aktivitetsplanar (desse skulane er ikkje blant dei minste skulane i kommunen).

Kommunalsjef har lagt merke til variasjonar mellom skulane når det gjeld terskel for å etablere aktivitetsplan. Kommunalsjef peikar på at det kan bli arbeidd godt med tiltak, utan at dette arbeidet er formalisert i ein aktivitetsplan. Dette finn revisjonen døme på frå ei av sakene i stikkprøvekontrollen, der skulen undersøker saka ei god stund og set i gang fleire tiltak før sjølv aktiviteten blir utarbeidd. Det tar også tid før rektor blir varsla.

Kommunalsjef har nytta skuleleiarmøta og individuell oppfølging av kvar rektor til å arbeide for at alle skal utarbeide aktivitetsplanar på eit tidleg tidspunkt. Kommunalsjef opplever positiv utvikling på dette feltet, noko som blir stadfesta av ein rektor som fortel at terskelen for å opprette aktivitetsplan jamt og trutt har gått nedover. Når rektorane opprettar aktivitetsplanar, skal desse arkiverast i Websak og ein kopi skal sendast kommunalsjef (meir om denne praksisen i kap. 5.3 om skuleeigar sitt forsvarlege system). I tillegg til å få fleire aktivitetsplanar, opplyser kommunalsjef at kvaliteten på desse er stigande. Mellom anna blir det peika på at det er meir fokus på undersøking og involvering av elevane enn tidlegare, og at det er tydelegare kven som skal følgje opp tiltaka samt når planen skal evaluerast.


Fleire av lærarane har merka auka fokus på det skriftlege arbeidet med aktivitetsplanar, og uttrykkjer bekymring for at krava til det skriftlege arbeidet går på kostnad av dialogen med elevane. Dei peikar på at elevane har blitt vane med ord som «krenking» og «mobbing» frå tidleg alder, og at det difor er viktig for lærarane å få undersøkt om elevane si oppleving av å vere krenka er tufta på ei misforståing før dei set i gang apparatet kring utarbeiding av aktivitetsplan. Dei fortel vidare at fleire saker har løyst seg før skulen har utarbeidd ein aktivitetsplan fordi elevane har snakka saman. Fleire av lærarane har erfart saker der elevar har bede om at det ikkje skal lagast aktivitetsplan, men der skulen likevel har gjort det fordi foreldra har insistert. Dei har ei oppleving av at skulen først og fremst må sørge for at føresette, og i neste instans Fylkesmannen, er nøgd med det skriftlege arbeidet til skulen.

Stikkprøvekontrollen syner at alle dei seks utvalde sakene inneheld ein skriftleg plan. Kommunen sin felles mål for skriftleg plan er nytta i alle sakene. I alle dei skriftlege planane går det fram kva problem tiltaka skal løyse, kva tiltak skulen har planlagt, når tiltaka skal gjennomførast, kven som er ansvarleg for å gjennomføre tiltaka og når tiltaka skal evaluerast. I fleire av sakene går det fram at tiltaka blir evaluerte undervegs gjennom kontinuerleg kontakt med heim og elev, i tillegg til at det er avtalt ein møtedato mellom partane etter ein periode med utprøving av tiltaka.

79 prosent av rektorane, kontaktlærarane og andre leiarar med undervisning svarar *ja* på spørsmål om skulen har etablert skriftlege rutinar for å sikre at det blir utarbeidd ein skriftleg plan. Om lag like mange, 77 prosent, av desse respondentane svarar *ja* på spørsmål om planen minst inneheld dei fem punkta den skal innehalde jf. opplæringslova. Det er høvesvis 8 og 10 prosent som svarar *veit ikkje* på desse spørsmåla. Nærare undersøkingar av svarfordelinga syner at det ikkje er stor variasjon mellom skulane; prosentdelen som svarar *ja* er over 50 prosent ved alle skulane, medan respondentane som svarar *veit ikkje*, fordeler seg på fem ulike skular.

Dei som svarte *delvis* eller *nei* på spørsmålet om innhaldet i planen, fekk oppfølgingsspørsmål om kva informasjon som manglar i dei skriftlege planane dei kjenner til. Tre respondentar svarta på dette; to av dei peikar på manglar knytt til evaluering av tiltak. Den siste respondenten stiller spørsmålet «Bør mobbar også ha tiltak?»

Figur 11 Rutinar for utarbeiding av skriftleg plan.



4.7.1.3 Dokumentasjon på at aktivitetsplikta er oppfylt

Ifølgje *Retningsliner for skulemiljø kapittel 9 A* skal skulen dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta.³⁹ Skuleeigar har ikkje kome med nærare føringar for korleis skulane skal dokumentere kva dei gjer for å oppfylle aktivitetsplikta, men oppmodar rektorane om å føre logg over saker som vedkjem elevane sitt skulemiljø. Det blir opplyst at praksis knytt til dokumentasjon har vore tema i skuleleiarmøte, seinast i april 2019 der tre rektorar delte erfaringar med dette.

Skulane har litt ulik praksis for korleis dei dokumenterer kva dei gjer for å oppfylle aktivitetsplikta i det daglege arbeidet med skulemiljøet, og det er ikkje eit fast system for kva som skal dokumenterast, kven som skal dokumentere og kor det skal lagrast. Ved fleire skular fører lærarane logg i egne loggbøker, på lappar, eller digitalt. Ein av skulane har også ei eiga loggbok på nokre av elevane som fleire gongar dagleg hamnar i situasjonar som kan vere relatert til kap. 9 A. Rektorane har inntrykk av at terskelen for å dokumentere enkeltepisodar varierer frå lærar til lærar.

Skulane har meir systematisk dokumentasjon i dei sakene der aktivitetsplan er utarbeidd, noko også stikkprøvekontrollen stadfestar, då utviklinga etter at aktivitetsplan er oppretta ser ut til å ha blitt dokumentert. Systema for dokumentasjon i enkeltsaker der aktivitetsplan er oppretta, varierer frå skule til skule. På nokre skular blir det arkivert digitalt direkte, medan det ved andre skular blir skrivi notat i loggbøker først, og stort sett lagt inn digitalt på eit seinare tidspunkt. Det varierer kven som dokumenterer utviklinga i saker der det er utarbeidd ein aktivitetsplan. På nokre skular har kontaktlærarar ansvar for å dokumentere utviklinga i saker der det er utarbeidd aktivitetsplan, medan ansvaret ved andre skular ligg til leiinga. I sistnemnde tilfelle rapporterer lærarane munnleg om hendingar til leiinga, som skriv det inn i skulen sin interne logg.

4.7.2 Vurdering

Undersøkinga viser at ein relativt høg prosentdel tilsette, som fordeler seg ved alle skulane i kommunen, svarer at dei kjenner til tilfelle der elevar blir utsett for krenkingar. Revisjonen vil presisere at prosentdelen lærarar som svarer dette ved den enkelte skule ikkje seier noko om talet elevar som blir mobba ved skulen; det kan vere at alle ved skulen viser til same elev. Likevel stadfestar tilbakemeldinga frå dei tilsette at

³⁹ Lindås kommune. *Retningsliner for skulemiljø kapittel 9A 1. august 2017.*

dette er ei problemstilling som er relevant, og at det er særst viktig at alle skulane har gode system og rutinar for både å fange opp og følgje opp saker som gjeld det psykososiale skulemiljøet.

Undersøkinga syner at aktivitetsplanane som blei utarbeidde skuleåret 2018/19 nyttar felles mal frå kommunen, og at dei omtalar dei fem minstekrava til kva ein slik skriftleg plan skal innehalde ifølgje opplæringslova § 9 A-4 sjette ledd. Aktivitetsplanane er ulike i utforming, noko som er naturleg all den tid det er svært forskjellige saker med ulik forhistorie og utvikling. Som nemnd i kap. 4.6 varierer det i kva grad det går fram om dei involverte elevane sine meiningar er vektlagde.

Dokumentasjon på kva skulane har gjort for å oppfylle aktivitetsplikta *i førekant* av arbeidet med aktivitetsplan, verkar å bli delvis lagra i loggbøker, og denne informasjonen blir delvis lagra elektronisk. Ulik praksis inneber etter revisjonen si vurdering ein risiko for at det ikkje alltid er mogleg å etterprøve kva som er gjort for å oppfylle aktivitetsplikta. Revisjonen meiner det er behov for å tydeleggjere overfor skulane kva informasjon som er av slik karakter at den skal dokumenterast, kven som skal dokumentere, og kor dokumentasjonen skal lagrast. Revisjonen stiller vidare spørsmål ved i kva grad krav til personvern blir tilstrekkeleg ivareteke ved bruk av loggbøker, og vil presisere viktigheita av at kommunen avklarar korleis informasjon som inneheld personopplysningar blir oppbevart.

Undersøkinga indikerer vidare at det på skulane er ulike tersklar for å opprette aktivitetsplanar. Den svært store variasjonen mellom kor mange aktivitetsplanar som er utarbeidde ved skulane, kan indikere at ikkje alle skulane utarbeider ein skriftleg plan i samsvar med opplæringslova § 9 A-4 sjette ledd i situasjonar der det er behov for å setje i verk tiltak. Revisjonen vil presisere at det alltid skal setjast i verk tiltak – så langt det finst eigna tiltak – og utarbeidast ein skriftleg plan, dersom ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Tiltaka kan i enkelte tilfelle vere enkle og kortvarige, medan det i andre tilfelle er behov for meir omfattande og langvarige tiltak.

4.8 Rutinar for informasjon om kap. 9 A til elevar og føresette

4.8.1 Datagrunnlag

Ifølgje *Retningsliner for skulemiljø kapittel 9 A* har rektor ansvar for å informere elevar og foreldre om rettane i kap. 9 A. Det skal gjerast i rådsorgan og på klassenivå. I tillegg går det fram av retningslinene til kommunen at tilsette har ansvar for å informere elevar og foreldre om retten til eit trygt og godt skulemiljø, samt korleis dei skal melde frå om ein elev ikkje har det trygt og godt.⁴⁰ Skuleeigar har oppmoda skulane om å sikre at alle føresette og elevar kjenner til rettane etter kap. 9 A både i leiarsamlingar og på e-post. Skuleeigar følgjer ikkje opp at skulane informerer elevar og foreldre, men kjenner til at nokre rektorar har utforma eigne sjekklister for å sikre at lærarar informerer på foreldremøte og i klassane.

To av skulane har ei «Rutineskildring» om kap. 9 A i form av eit årshjul. I desse går det fram at kontaktlærar har ansvar for gjennomgang med føresette ved foreldremøte i september. I begge årshjula går det fram at informasjonen mellom anna skal innehalde rutinar for arbeid med elevane sitt psykososiale miljø i klassen. I eit av årshjula skal informasjonen også innehalde retten til enkeltvedtak, medan det andre årshjulet er oppdatert og skisserer at foreldra skal ha informasjon om retten til å kontakte Fylkesmannen. Det går vidare fram av begge årshjula at alle føresette skal ha informasjon, også dei som ikkje deltar på foreldremøte. Informasjonen til elevane er ikkje formalisert på same vis. Revisjonen kan ikkje sjå at dei to andre skulane omtalar informasjon til føresette og elevar i sine årshjul eller planar.

Informasjon til elevane

Fleire rektorar nyttar første skuledag til å informere elevane om deira rettar til å ha det trygt og godt på skulen. Dette blir gjort samtidig som ein informerer om ordensreglar, og eventuelt utarbeider klassereglar saman. Ved skulane som har jamlege klasse møte, blir det vist til at desse er viktige fora for informasjon til elevane om rettane deira.

Informasjon til foreldre

Det blir opplyst at informasjon om endringane i opplæringslova blei sendt ut som ranselpost, og lagt ut på heimesida til kommunen, skulane sine heimesider og Facebook-sida til kommunen ved skulestart 2017.


⁴⁰ Lindås kommune. *Retningsliner for skulemiljø kapittel 9A 1. august 2017.*

Rektorane ved dei fire case-skulane opplyser at elevane sine rettar etter kap. 9 A blir opplyst om på foreldremøte ved kvar skulestart. Ved nokre skular er det også tema på dei andre foreldremøta i løpet av året. Fleire av rektorane opplyser om at rettane etter kap. 9 A blir skrivne tydeleg inn i referata ettersom det er ein del foreldre som ikkje er til stades i foreldremøta. Ved ein av skulane har skulen tatt kontakt med dei heimane som ikkje har vore til stades på møte, for å sikre at alle har fått aktuell informasjon.

Det ligg informasjon om elevane sine rettar på kommunen si heimeside. Tidlegare hadde kvar skule si eiga heimeside og kunne publisere fritt på denne. I samband med prosessar inn mot nye Alver kommune, er skulane sine heimesider lagt ned, og skuleeigar administrererer kva kommunikasjon som skal ut på felles heimeside for kommunen. Alle case-skulane uttrykkjer at dei saknar moglegheita til å legge ut informasjon til føresette via eiga nettside.

I spørjeundersøkinga fekk rektorar, andre leiarar som har undervisning og kontaktlærarar spørsmål om skulen har rutinar for å sikre at elevar og foreldre jamleg blir informerte om retten til eit trygt og godt skulemiljø, dei tilsette si aktivitetsplikt og elevane og foreldra sitt høve til å melde saka til Fylkesmannen. Resultata går fram av figur 12 under, og syner mellom anna at det er ein litt høgare prosentdel som meiner at det blir gitt informasjon om retten til eit trygt og godt skulemiljø (75 prosent), enn dei tilsette sin aktivitetsplikt (69 prosent) og høvet til å melde saker til Fylkesmannen (70 prosent). På dei tre spørsmåla er det 2 prosent som svarar *nei* til at skulen har desse rutinane, medan om lag 10 prosent svarar at dei ikkje veit om skulen har desse rutinane. Desse respondentane er lærarar og andre leiarar med undervisning.

Figur 12 Informasjon om rettane etter kap. 9 A.



4.8.2 Vurdering

Det er positivt at retningslinene til kommunen omtalar plikta til å informere både elevar og foreldre om rettane til eit trygt og godt skulemiljø, om tilsette si aktivitetsplikt og om elevane og foreldra sitt høve til å melde saka til Fylkesmannen dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Det er også positivt at dette er eit område skuleeigar har hatt fokus på, og dei enkelte skulane synast å ha etablerte praksisar for å formidle informasjon.

Undersøkinga gir ikkje indikasjonar på at det er manglar knytt til informasjonen som blir gitt til foreldra. Revisjonen vil likevel presisere viktigheita at det blir følgt jamleg opp at praksis er i samsvar med rutinane som er utarbeidd. Vidare meiner revisjonen det er viktig at rutinar for å formidle informasjon til både foreldre og elevar blir nedfelt til dømes i årshjula til skulane, og at årshjula er oppdaterte med omsyn til

kva informasjon som skal formidlast. Undersøkinga viser døme på at omtale av informasjon i årshjulet ikkje er oppdatert i samsvar med endringar i opplæringslova kap. 9 A.

Revisjonen vil også peike på viktigheita av at informasjon til elevar blir formidla i ein samanheng og på eit vis som legg til rette for at elevane skal kunne drøfte og forstå det som blir formidla. I den samanheng synast det føremålstenleg å nytte klassemøta, og revisjonen meiner det er viktig at skulane i samband med evalueringar av skulemiljøarbeidet vurderer om det er etablert tilstrekkeleg gode arenaer for å formidle informasjon til elevane.

5. Skuleeigar sitt forsvarlege system

5.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

I kva grad har kommunen som skuleeigar eit forsvarleg system som er eigna til å avdekke praksis ved skulane som er i strid med opplæringslova, og ved behov følgje opp at skulane endrar praksis slik at dei oppfyller krava i regelverket?

Under dette:

- I kva grad innhentar og brukar kommunen tilstrekkeleg og oppdatert informasjon om skulane sin praksis knytt til oppfølging av aktivitetsplikta og andre sentrale krav i opplæringslova kapittel 9 A?
- I kva grad gjer kommunen ei vurdering av om praksisen til skulane er i samsvar med regelverket, og eventuelt sikrar at det blir satt i gang naudsynte og eigna tiltak for å sikre at praksisen til skulane er i samsvar med regelverket?

5.2 Revisjonskriterium

Ansvar til skuleeigar for å følgje opp skulane og sikre at krav i regelverket blir oppfylt, går fram av opplæringslova § 13-10:

Kommunen (...) har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.

Kommunen (...) skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen (...) skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå desse vurderingane (...).

Frå eigenvurderingsverktøyet Reflex til Utdanningsdirektoratet, går det fram at «For at et system skal være forsvarlig, må det være egnet til å avdekke forhold som er i strid med opplæringsloven og sikre at det blir satt i gang nødvendige og egnede tiltak for å oppfylle aktivitetsplikten.»⁴¹

Vidare går det fram av Reflex at skuleeigar må innhente og bruke tilstrekkeleg og oppdatert informasjon om skulane sin praksis, vurdere om praksisen er i samsvar med regelverket og eventuelt følgje opp at skulane endrar praksis slik at dei oppfyller aktivitetsplikta.

Sjå vedlegg 2 for utfyllande revisjonskriterium.

5.3 Innhenting av informasjon om skulane sin praksis

5.3.1 Datagrunnlag

Det blir opplyst at skuleeigar hentar inn informasjon om skulane sin praksis på fleire vis; gjennom kvalitetsbesøka ved skulane, rapport frå rektorane etter eigenrapportering i Reflex, skuleleiarmøte, månadlege møte mellom kommunalsjef og rektorar, samt innhenting av aktivitetsplanar. Desse tiltaka går fram i *Årshjul for oppfølging kap. 9 A – Skuleeigar*⁴² eller i *Retningsliner for skulemiljø kapittel 9 A*⁴³, eller begge stader. Utover desse metodane, skildra nærare under, blir det opplyst at skuleeigar i mai 2019 vil

⁴¹ Utdanningsdirektoratet. Reflex. *Skuleeiers forsvarlige system: Skolens aktivitetsplikt for å sikre at elevene har et trygt og godt skulemiljø (for skuleeier)*. Dato: 19.12.2018.

⁴² Lindås kommune. *Årshjul for oppfølging kap. 9 A – Skuleeigar*. Dato: 18.09.2018

⁴³ Lindås kommune. *Retningsliner for skulemiljø kapittel 9A 1. august 2017*.

samle inn skulane sine system for eit trygt og godt skulemiljø. Tidlegare år har skuleeigar tatt stikkprøvar, men i år vil skuleeigar ha inn informasjon frå alle skulane for å få eit heilskapleg bilete av kva som er stoda.

I spørjeundersøkinga svarar 7 av 12 rektorar at skuleeigar *i stor grad* har innhenta informasjon om korleis skulen deira følgjer opp aktivitetsplikta og andre sentrale krav i opplæringslova etter at nytt kap. 9 A blei sett i kraft 1. august 2017. 4 rektorar svarar *i nokon grad*, medan ein rektor svarar *i liten grad*.

Vidare svarar 7 av 12 rektorar *ja* på spørsmål om skuleeigar, etter deira meining, har etablert eit system for å følgje opp at praksisen på skulen der vedkomande er rektor samsvarer med dei nye krava i opplæringslova etter 1. august 2017. Til dette svarar fire rektorar *delvis*, medan ein rektor svarar *veit ikkje*.

Kvalitetsbesøk på skulane

Skuleeigar gjennomfører kvalitetsbesøk med halvparten av skulane kvart år, slik at kvar skule får besøk annakvart år. Grunna kommunesamanslåinga blir det ikkje gjennomført kvalitetsbesøk i 2019.

Kvalitetsbesøket inneber at to representantar frå skuleeigar reiser ut på skulane for eit førebudd møte.⁴⁴ Skuleeigar førebur seg mellom anna ved å analysere resultatata frå Elevundersøkinga. I tillegg kartlegg skuleeigar skulen sitt arbeid med aktivitetsplanar, og etterspør skulen sine skriftlege rutinar knytt til aktivitetsplikta. Skulemiljø er alltid tema på møtet, medan andre tema kan variere.

Det blir opplyst at det alltid er med elevrepresentantar frå elevrådet og representantar frå foreldra på møtet. Fleire av dei intervjuar rektorane fortel at perspektivet til elevane og dei føresette kjem godt fram i desse besøka. Elevrepresentantane legg fram sine vurderingar av resultatata på Elevundersøkinga, som bygger på gjennomgang i elevrådet.

I etterkant av kvalitetsbesøka leverer rektor ein rapport som fungerer som eit møtereferat og oppsummerer utviklinga på skulen det siste året, i tillegg til å seie noko om arbeidet framover.

Eigenrapportering frå skulane

Ifølgje *Retningsliner for skulemiljø kapittel 9 A* har rektor ansvar for å gjennomføre eigenvurdering i Reflex om elevane sitt skulemiljø årleg. Dette er eit nytt tiltak frå våren 2019. Skulane får ut ein rapport som gir eit bilete av om praksisen på skulen er i tråd med opplæringslova. Frå våren 2019 skal alle skulane sende ein rapport til kommunalsjef i etterkant av at dei har gjennomført eigenvurdering i Reflex. Rapporten skal omhandle arbeidet ved skulen samt utviklinga det siste året, og den skal utarbeidast i samråd med elevråd og skulemiljøutval.⁴⁵ Reflex-undersøkinga er såleis meint som grunnlag for intern analyse før rapporten skal sendast til kommunalsjef. Det blir gitt individuell tilbakemelding til kvar rektor/skule i etterkant av rapport frå skulane.

I intervju med rektorane kjem det fram at det ikkje var alle rektorar som på intervjutidspunktet (slutten av mars 2019) kjende til at skulane skal gjennomføre eigenvurdering i Reflex. Ein av rektorane hadde tidlegare gjennomført ei Reflex-undersøking på eige initiativ. I samband med verifiseringa av datagrunnlaget i forvaltningsrevisjonsrapporten, blir det opplyst at alle rektorane i løpet av vårhalvåret gjennomførte Reflex og leverte rapport.

Skuleleiarmøte

Det blir gjennomført skuleleiarmøte om lag ein gong i månaden. Annakvart skuleleiarmøte er organisert som nettverksmøte, med eit eige nettverk for leiinga ved barneskulane og eit nettverk for leiinga ved ungdomskulane.

Skuleeigar organiserer møta som aktive møte med mykje gruppearbeid. Gruppene er konstruerte med tanke på å få til føremålstenleg erfaringsdeling. I skuleleiarmøta er det jamleg sett av tid til påminning om lovkrava og kommunen sine retningsliner for skulemiljø. I desse møta er det også tid til erfaringsdeling og praksishistorier.

Det blir opplyst at kap. 9 A i opplæringslova har vore tema i dei fleste skuleleiarmøta sidan 1. august 2017. Dette skuldast delvis at det har vore nokre utskiftingar i rektorgruppa. Hausten 2018 var kap. 9 A særskild

⁴⁴ Tidlegare var det einingsleiar som saman med kommunalsjef hadde ansvar for å planlegge og gjennomføre kvalitetsbesøka. Frå 1.1.2020 vil det vere tenesteleiar som får ansvaret saman med kommunalsjef.

⁴⁵ Lindås kommune. *Retningsliner for skulemiljø kapittel 9A 1. august 2017*.

tema, og ein reflekterte mellom anna kring korleis aktivitetsplikta blir forstått og praktisert, og korleis ein kan involvere elevar og foreldre i skulemiljøarbeidet. I skuleleiarmøta har ein ved fleire høve arbeidd med case knytt til kap. 9 A. Desse case-oppgåvene har skuleeigar utarbeidd på bakgrunn av erfaringar med aktivitetsplanar frå skulane.

Månadlege møte mellom rektor og kommunalsjef

Kommunalsjef oppvekst har eit møte med kvar enkelt rektor ein gong i månaden. kommunalsjefen har ei liste over tema som ho ynskjer å snakke om, mellom anna drift, økonomi, trivselen til elevar, spesielle skulemiljø saker, trivselen til dei tilsette osv. Utover dette kan rektor ta opp det han/ho vil. Kommunalsjef skriv ein logg frå kvart møte for å kunne ta opp att tråden ved neste møte.

Oppfølging av aktivitetsplanar

Det blir opplyst at rektorane skal sende ein kopi av alle skriftlege planar til kommunalsjef via Websak. Dette er praksis ved tre av dei fire case-skulane, medan den fjerde skulen ikkje er kjend med denne praksisen og peikar på at kommunalsjef har tilgang til alt som ligg i Websak. Kommunalsjef kommenterer at denne rutinen med fordel også kunne stått i dei kommunale retningslinene.

Det blir opplyst at kommunalsjef også tar stikkprøvar av aktivitetsplanar for å forsikre seg om at skulane i tilstrekkeleg grad svarar ut det opplæringslova krev. Slike stikkprøvar har mellom anna danna grunnlag for utarbeiding av case-oppgåver i skuleleiarmøte.

5.3.2 Vurdering

Det er etter revisjonen si vurdering sett i verk ei rekkje føremålstenlege tiltak, fleire av dei nye frå våren 2019, for å sikre at krava til skuleeigar sitt forsvarlege system blir ivareteke, og for å sikre at skuleeigar har oppdatert informasjon om praksisen på skulane. Samtidig viser undersøkinga at det er ulik praksis ved skulane når det gjeld arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø. Det er også avdekka klare manglar ved enkelte skular, ved at det er fleire skular som dei siste åra ikkje har gjennomført Elevundersøkinga (sjå kap. 3.4). Det er viktig at skuleeigar sørgjer for at det er etablert system som sikrar at informasjon om retningsliner og forventningar til skulane blir tydeleg formidla og er kjent for alle skulane. Vidare er det viktig at det blir gjennomført jamlege evalueringar av dei tiltak og rutinar som er innført for å ivareta skuleeigar sitt ansvar, slik at ein sikrar at desse er eigna til å fange opp eventuelle manglar ved praksisen på skulane.

5.4 Kommunen si oppfølging av praksis på skulane

5.4.1 Datagrunnlag

Det blir opplyst at skuleeigar, basert på informasjonen dei får via tiltaka nemnd i førre kapittel, gjer ei vurdering av om praksisen til skulane er i samsvar med regelverket. Skuleeigar skal også gjennomføre ei årleg eigenvurdering i Reflex og vurdere behov for tiltak på skulenivå og kommunenivå i etterkant. Basert på rapporteringa frå rektorane og skuleeigar sine eigne analyser vil staben til kommunalsjef utarbeide ein handlingsplan knytt til dei manglane som går att blant skulane. Våren 2019 er første gong denne prosessen blir gjennomført.

Handlingsplanen skal skildre skuleeigar sine tiltak for vidare oppfølging av skulane for å sikre felles forståing og praksis i høve til arbeidet med skulemiljøet. Det blir opplyst at dette kan vere kompetansetiltak, skuleringar, endring av retningsliner og malar m.m. Skuleeigar skal mellom anna vurdere om det er god nok samanheng mellom dei kommunale retningslinene, skulane sine rutinar, eigenvurdering gjennomført på skulane og skulane sin rapport til skuleeigar. I tillegg vil skuleeigar vurdere eigen praksis i høve oppfølging av skulane, mellom anna om dei er tett nok på og veit nok om praksisen til skulane.

På bakgrunn av rektorane si rapportering denne våren og innhenting av skulane sine planar, vil skuleeigar ta ei nærare vurdering på om skulane har fått på plass dei rutinane som er naudsynte for å sikre at det systematiske arbeidet med det psykososiale skulemiljøet og arbeidet med aktivitetsplikta er tilfredsstillande. Dersom det ikkje er det, vil skuleeigar vurdere å etablere fleire felles rutinar. Det blir

opplyst at det har vore ein diskusjon internt hos skuleeigar om ein skal utarbeide fleire felles malar for skulane, men at ein har vald å ikkje utarbeide andre rutinar eller malar enn ein felles mal for aktivitetsplan.

Kommunalsjef meiner at skulane er på veg mot meir felles praksis, både når det gjeld system, rutineskildringar og terskel for å setje inn tiltak. Dei ser at det er behov for tett oppfølging av nye rektorar/skuleleiarar, og kjem til å etablere eit nettverk for denne gruppa frå skulestart 2019. Det kjem fire nye rektorar til kommunen, og stab oppvekst vil leie eit nettverk for nye rektorar/ev. også inspektørar, slik at dei sikrar at alle får tilstrekkeleg kjennskap til lovverk, satsingar, system og prosedyrar i Lindås/Alver kommune.

5.4.2 Vurdering

Revisjonen meiner dei tiltaka og rutine som er etablert frå våren 2019, for å vurdere og følgje opp praksisen på skulane, synast føremålstenlege. Dersom dei skisserte rutine blir gjennomført jamleg og i samsvar med intensjonen, vil dette kunne gje skuleeigar god informasjon, og utgjere eit godt system for å sikre at skulane etterlever krav i lov og forskrift. Revisjonen vil peike på viktigheita av å gjere systematiske evalueringar av korleis rutine fungerer og om det eventuelt er behov for justeringar. Dette for å sikre at skuleeigar i tilstrekkeleg grad har oppdatert informasjon, vurderer om praksisen på skulane er i samsvar med krav i regelverket, og ved behov sørgjer for at det blir sett i verk naudsynte tiltak.

6. Konklusjon og tilrådingar

Etter revisjonen si vurdering har Lindås kommune innført ei rekke føremålstenlege tiltak for å sikre at krava til skuleeigar sitt forsvarlege system blir ivareteke. Fleire av tiltaka er nye frå våren 2019. Dersom dei i framtida blir gjennomført jamleg og i samsvar med intensjonen, vil dette kunne gje skuleeigar oppdatert informasjon om praksisen på skulane, og utgjere eit godt system for å bidra til å sikre at skulane etterlever krav i lov og forskrift.

Det er positivt at skuleeigar utarbeidde felles retningslinjer for skulemiljø til skulestart 2017. Retningslinjene tar for seg innhaldet i endra kap. 9 A, men dei operasjonaliserer likevel ikkje lovkrava utover det som står i lova. Ut frå ordlyden i retningslinjene forstår revisjonen det slik at kvar rektor har ansvar for at det blir utarbeidd rutinar for at dei enkelte handlingspliktene, samt skjerpa aktivitetsplikt og krav til at involverte elevar blir høyrde, blir oppfylt. Dette er til dels gjort ved nokre av skulane, men ikkje ved alle. Det synast etter revisjonen si vurdering å vere behov for å tydeleggjere kva som er forventa av den enkelte rektor når det gjeld utarbeiding av eigne rutinar for å oppfylle krava i opplæringslova.

Det er også revisjonen si vurdering at det kan vere føremålstenleg at det blir etablert nokre felles rutinar knytt til ivaretaking av dei ulike handlingspliktene som inngår i aktivitetsplikta, skjerpa aktivitetsplikt, og krav til at involverte elevar blir høyrde. Dette for å sikre ei mest mogleg felles forståing av kva som ligg i desse pliktene og krava, og for å redusere risikoen for at forståinga av lovkrava, og den praktiske oppfølginga, blir personavhengig. Revisjonen vil vidare presisere viktigheita av at det framover framleis blir retta merksemd mot forståinga av dei ulike handlingspliktene som inngår i aktivitetsplikta og skjerpa aktivitetsplikt, slik at ein sikrar at alle tilsette er godt kjende med desse, og i størst mogleg grad føler seg trygge på praktiseringa av dei ulike pliktene.

Undersøkinga syner at det har vore svært stor variasjon mellom kor mange aktivitetsplanar som er utarbeidde ved skulane, og at terskelen for utarbeiding av aktivitetsplan varierer, noko som kan indikere at ikkje alle skulane utarbeider ein skriftleg plan i samsvar med opplæringslova § 9 A-4 sjette ledd i situasjonar der det er behov for å setje i verk tiltak. Revisjonen vil presisere at det alltid skal setjast i verk tiltak – så langt det finst eigna tiltak – og utarbeidast ein skriftleg plan, dersom ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Tiltaka kan i enkelte tilfelle vere enkle og kortvarige, medan det i andre tilfelle er behov for meir omfattande og langvarige tiltak.

Når det gjeld det førebyggjande skulemiljøarbeidet, er det etter revisjonen si vurdering ikkje alle skulane som har tilstrekkeleg tydelege planar og mål for arbeidet. Vidare viser undersøkinga at det mellom anna er behov for å vurdere korleis elevar og foreldre i større grad kan bli involverte i skulemiljøarbeidet, og for å sikre at skulemiljøutval blir nytta i samsvar med intensjonen i opplæringslova. I tillegg meiner revisjonen at kommunen bør vurdere om dagens tiltak retta mot digitale krenkingar er tilstrekkelege. Det er etter revisjonen si vurdering ikkje tilfredsstillande at enkelte skular nyttar tiltak/sanksjonar overfor elevar sin mobilbruk som ikkje er skildra i ordensreglementet. Ifølgje opplæringslova § 9 A-10 tredje ledd kan skulen berre nytte tiltak som er fastsette i ordensreglementet, noko som inneber at enkelte av tiltaka/sanksjonane som blir nytta av skulane i dag er ulovlege.

Basert på det som kjem fram i undersøkinga vil revisjonen tilrå at Lindås kommune set i verk følgjande tiltak:

1. Sikrar at alle tiltak/sanksjonar knytt til mobilbruk er heimla i skulane sine ordensreglement, jf. opplæringslova § 9 A-10 tredje ledd, og at ordensreglementa er i tråd med gjeldande regelverk.
2. Sørgjer for at alle skulane gjennomfører møte i skulemiljøutval, og arbeider for å synleggjere og tydeleggjere ytterlegare kva som kan og bør vere skulemiljøutvalet si rolle ved skulane, og kva saker som kan og bør handsamast av skulemiljøutvalet.
3. Tydeleggjer overfor rektorane kva som er deira ansvar når det gjeld utarbeiding av rutinar knytt til ivaretaking av dei ulike handlingspliktene, den skjerpa aktivitetsplikta og krav til at involverte elevar blir høyrde.

4. Vurderer å utarbeide enkelte felles rutinar knytt til ivaretaking av dei ulike handlingspliktene, den skjerpa aktivitetsplikta og krav til at involverte elevar blir høyrde.
5. Etablerer rutinar for å sikre at ulike yrkesgrupper som jamleg utfører arbeid ved skulane i kommunen er informert om aktivitetsplikta.
6. Tydeleggjer korleis skulane skal dokumentere kva som er gjort for å oppfylle aktivitetsplikta i førekant av arbeidet med aktivitetsplan (kva informasjon som er av slik karakter at den skal dokumenterast og kven som har ansvar for å dokumentere), og sikrar at informasjon som inneheld personopplysningar blir dokumentert og oppbevart i tråd med krav til personvern.
7. Sørgjer for at skulane, gjennom til dømes erfaringsdeling og opplæring, får ein mest mogleg felles terskel for å opprette aktivitetsplanar.

Vedlegg 1: Høyringsuttale



Deloitte

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2814 - 19/24686

Saksbehandlar:

Kristin Moe

Kristin.Moe@lindas.kommune.no

Dato:

21.08.2019

Høyringsuttale – Forvaltningsrevisjon Lindås kommune

Forvaltningsrevisjonsrapporten som gjeld Lindås kommune sitt arbeid med å sikra eit trygt og godt skulemiljø gjev etter rådmannen si vurdering eit godt bilete på skuleeigar og skulane sitt arbeid med å sikra praksis i samsvar med lovkrava.

I rapporten kjem det fram at Lindås kommune har innført ei rekkje føremålstenelege tiltak for å sikra at krava til skuleeigar sitt forsvarlege system blir ivareteke. Det er positivt at revisjonen kommuniserer at tiltaka som er skissert i kommunen sitt kvalitetssystem (kvalitetsoppfølging av skulane), vil vera eit godt system for å bidra til å sikra praksis i samsvar med lov og forskrift. Revisjonen peikar på at det vil vera behov for å tydeleggjere kva som er venta av den einsskilde rektor når det gjeld utforminga av rutinar på skulenivå. Rapporten viser også til at skulane i ulik grad har utarbeida rutinar som operasjonaliserer lovkrava utover det som står i lova.

Lindås vil frå 1.januar 2020 slå seg saman med to andre kommunar til nye Alver kommune. Det er i samband med denne prosessen lagt opp til at rutinar og planar samt tiltak på skulane skal vera meir einsarta på alle område, også når det gjeld skulemiljøarbeidet. Revisjonsrapporten viser til at det kan vera teneleg å etablera felles rutiner knytt til ivaretakinga av dei ulike handlingspliktene, den skjerpa aktivitetsplikra samt å sikra at elevane deltar og blir høyrde. Tilbakemeldinga frå revisjonen med tilrådde tiltak vil me ta med oss i det vidare arbeidet.

Revisjonen viser til at fleire av tiltaka i skuleeigar sitt forsvarlege system er nye frå våren 2019. Intensjonen med endringane er å sikra felles praksis og god informasjon i korleis skulane arbeidar for å sikra elevane eit trygt og godt skulemiljø. Rektor har ansvar for at skulen arbeidar kontinuerlig og systematisk for å fremja helse, miljøet og tryggleiken til elevane slik at krava blir oppfylte (jfr § 9 A-3). Skuleeigar skal følgja opp arbeidet i skulane og sikra at krava i opplæringslov og forskrift blir oppfylte. Innhaldet i kommunen sitt forsvarlege system (kvalitetsoppfølging) vil vera i utvikling, knytt til endringar i lov og forskrift, praksis, kompetanse og behov i skulane.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsentert
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalsto

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733

DER DRAMMAR BLIR RØYNDOM



I kvalitetsoppfølginga av skulane skal me sikra at kompetansen kring arbeidet med skulemiljøet er i samsvar med gjeldande lovkrav. Rektor- og skuleleiarmøte i Alver vil vera ein anna arena for tolkingsfelleskap for å sikra felles forståing og utøving av lovverket. Kvalitetsoppfølginga vil vera ein kombinasjon mellom eigenvurdering, individuell oppfølging, skulebesøk, rapportering og læring i nettverk.

Skulane i nye Alver kommune skal saman med barnehagane frå hausten 2019 delta i den statlege satsinga Inkluderande barnehage- og skulemiljø. I satsinga vil skulane og barnehagane som er med få retteleing av eksterne fagpersonar. Det vil bli arbeida med tema som læringsmiljø, førebygging, avdekking og handtering av mobbing, samt regelverk, leiing og organisasjonsutvikling. Det vil vera ein kombinasjon mellom eksterne samlingar og lokale nettverk. Det vil bli tilsett ressurspersonar som skal følgje opp desse nettverka.

I den vidare prosessen mot kvalitetssikring av skulane i Alver kommune vil skuleeigar arbeida både for å sikra kvalitetsoppfølging og eit forsvarleg internkontrollsystem. Vurderingane og forslaga i revisjonsrapporten kjem til å bli brukt som eit av grunnlaga for å arbeida vidare med skulane sitt arbeid for å sikra eit trygt, godt og inkluderande skulemiljø i Lindås kommune.

Med helsing

Ørjan Raknes Forthun
rådmann

Kristin Moe
kommunalsjef oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Deloitte

Vedlegg 2: Revisjonskriterium

Innleiing

Kapittel 9 A i opplæringslova omhandlar skulemiljøet til elevane. Kapittelet tar for seg både fysisk og psykososialt skulemiljø. Heile kapittel 9 A var nytt med verknad frå 1. august 2017. Dei fleste krav som var gjeldande før 1. august 2017 blei vidareført, men i ein del tilfelle med noko endra ordlyd og gjennom andre paragrafar enn tidlegare.

Retten til eit trygt og godt skulemiljø og nulltoleranse mot krenkingar

Av opplæringslova § 9 A-2 går følgjande overordna krav til skulemiljøet fram: «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.»

Av forarbeida til endra kapittel 9 A⁴⁶, går det fram at omgrepet «skulemiljø» omfattar både det fysiske og det psykososiale miljøet. Vidare går følgjande fram av forarbeida:

Å ha et trygt og godt skulemiljø omfatter mer enn frihet fra krenkelser. Elevene har rett til et skulemiljø som fremmer helse, trivsel og læring. Uttrykket og rettigheten avgrensnes dessuten ikke av årsaken til at eleven opplever at skulemiljøet ikke er trygt og godt.

Nulltoleranse mot krenkingar

§ 9 A-3 i opplæringslova omhandlar nulltoleranse mot krenkingar og systematisk arbeid, og følgjande går fram av første ledd:

Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

I Utdanningsdirektoratet sitt rundskrivet *Skulemiljø Udir-3 2017* som omhandlar betydinga av krav i opplæringslova kapittel 9 A, går det fram at skulane skal ha nulltoleranse også for mindre alvorlege krenkingar enn dei som er spesifikt nemnde i lova.⁴⁷

Av forarbeida går følgjande fram om kva som er å rekne for «krenking»:

Begrepet krenkelser skal tolkes vidt. Begrepet kan omfatte direkte handlinger og verbale uttrykk rettet mot eleven, men også mer indirekte krenkelser som utestenging, isolering og baksnakking. Det er likevel ikke slik at enhver kritisk ytring eller uenighet mellom elevene er ment å omfattes.⁴⁸

Rundskriv Udir-3 2017 presiserer vidare at det er den subjektive oppfatninga til eleven som avgjer om skulemiljøet er trygt og godt.⁴⁹

Digital krenking

Forarbeida til kapittel 9 A stadfestar at korleis eleven opplever å ha det medan han eller ho er på skulen, SFO eller leksehjelptilbodet, er avgjerande for vurderinga av om skulemiljøet er trygt og godt.⁵⁰ Vidare blir det framheva at det at årsaka til eleven sin mistrivsel skuldast forhold utanom skuletida, ikkje avgrensar skulen si aktivitetsplikt så lenge eleven si oppleving av skulemiljøet blir negativt påverka av det.

Utdanningsdirektoratet understrekar at skulen har eit ansvar for å forhalde seg til mobbing som skjer på nett og i sosiale media, sjølv om det skjer utanom skuletid, dersom det gjer at eleven ikkje har det bra på skulen. Skulen skal vidare ta tak i digitale krenkingar på same måte som andre mobbesaker, ved å følgje med, gripe inn, varsle, undersøke saka og setje inn eigna tiltak. Utdanningsdirektoratet tipsar skulane mellom anna om å lære elevane digital døme kraft, og ha oppdaterte planar med etiske spelereglar, nettvetsreglar og førebygging mot digital mobbing.⁵¹

⁴⁶ Prop. 57 L (2016–2017): Endringer i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø).

⁴⁷ Utdanningsdirektoratet: *Skulemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 10.05.2019.

⁴⁸ Prop. 57 L (2016–2017): *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø)*. 17.02.2017.

⁴⁹ Utdanningsdirektoratet: *Skulemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 10.05.2019.

⁵⁰ Prop. 57 L (2016–2017): *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø)*. 17.02.2017.

⁵¹ Utdanningsdirektoratet. *Hva skal skolen gjøre med digital mobbing?* Sist endra 27.06.2017.

Bruk av mobiltelefon

Skuleeigar kan regulere mobilbruken i ordensreglementa sine, og også fastsetje kva tiltak skulen skal kunne bruke mot elevar som bryt reglane. Ifølgje opplæringslova § 9 A-10 tredje ledd kan skulen berre nytte tiltak som er fastsette i ordensreglementet. Skulen kan til dømes inndra mobiltelefonen dersom den forstyrrar undervisninga, men skulen kan ikkje behalde mobiltelefonen utover skuletida.⁵²

Systematisk og kontinuerleg arbeid for å fremje eit godt skulemiljø

Krav til kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje eit godt skulemiljø har blitt vidareført frå tidlegare kapittel 9 A. Følgjande går fram av § 9 A-3 andre ledd:

Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.

Ansvaret for systematisk og kontinuerleg skulemiljøarbeid er i ny lovtekst eksplisitt lagt til rektor. Av forarbeida til opplæringslova går det fram at det systematiske og kontinuerlege skulemiljøarbeidet er ein del av internkontrollen. Vidare går det fram følgjande:

Ein føresetnad for å lykkast er at skolen sjølv har sett seg konkrete mål ut frå dei generelle krava i lovverket, og at planar og tiltak er tilpassa til dei lokale utfordringane. Ein dynamisk internkontroll føreset dessutan at arbeidet blir løpande vurdert og jamleg revidert. utfordringane. Ein må unngå at internkontroll blir noko statisk, «ein perm i hylla».⁵³

Eigenvurderingsverktøyet Reflex er tilgjengeleg via nettsida til Utdanningsdirektoratet. Det kan nyttast av skuleeigarar og skuleleiarar for å vurdere eigen praksis, og ulike spørsmål blir følgt opp av rettleiande tekst som skildrar kva regelverket krev av skuleeigarane og skuleleiarane. Om evaluering av det førebyggjande skulemiljøarbeidet går det mellom anna fram at informasjon skulen har om korleis arbeidet fungerer, må nyttast til å vurdere i kva grad det førebyggjande arbeidet fremmer eit trygt og godt skulemiljø. Det går vidare fram at det alltid må føreliggje informasjon frå både tilsette, elevar og foreldre.⁵⁴

Elevundersøkinga

Elevundersøkinga er ei årleg undersøking som det er obligatorisk for skulane å gjennomføre på 7. og 10. trinn. Det er opp til skulane sjølv om dei vil gjennomføre undersøkinga på fleire trinn.⁵⁵ Gjennomføring av eventuelle andre trivselsundersøkingar er ikkje pålagde frå nasjonalt hald, men mellom anna Læringsmiljøsenteret anbefalar å nytte trivselsundersøkingar for å gjere jamlege kartleggingar av læringsmiljø og trivsel, og avdekke mobbing.⁵⁶

Brukarmedverknad og krav til elevdeltaking

I § 9 A-8 i opplæringslova går mellom anna krav til elevdeltaking i skulemiljøarbeidet fram:

Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø.

I eigenvurderingsverktøyet Reflex blir det vist til at rektor må sørgje for at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at elevane blir involvert i arbeidet med å planleggje og gjennomføre arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø. Det går vidare fram at elevane i alle klassene må involverast i større eller mindre grad. Som det går fram over, må informasjon både frå elevar og foreldre vere ein del av informasjonsgrunnlaget ved evaluering av det førebyggjande skulemiljøarbeidet.

Kapittel 11 i opplæringslova omhandlar brukarmedverknad i skulen. Her blir det mellom anna stilt krav om skulemiljøutval ved alle grunnskular (§ 11-1 A), og det blir gitt nærare føringar for samansetninga av utvalet og kva for ein rolle det skal ha. Mellom anna går det fram at skulemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantane for elevane og foreldra til saman er i fleirtal.

⁵² Utdanningsdirektoratet. [Mobilbruk og ordensreglement](#). Tolkningssuttalelse 12.12.2014.

⁵³ Ot.prp.nr.72 (2001-2002) [Om lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa](#). 03.05.2002.

⁵⁴ Utdanningsdirektoratet. Reflex. [Skulemiljø: Skolens plikt til å arbeide forebyggjande og informere og involvere elevar og foreldre \(for skoleledelsen\)](#)

⁵⁵ Utdanningsdirektoratet. [Elevundersøkelsen](#). Sist endra: 05.06.2018

⁵⁶ Læringsmiljøsenteret. [Hvordan kan lærere jobbe med å avdekke mobbing?](#) Publisert 02.06.2017

Vidare går følgjande fram av opplæringslova § 11-1a fjerde ledd:

Skolemiljøutvalet skal medverke til at skolen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skolemiljø. Skolemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolemiljøet, jf. kapittel 9a

Handtering og oppfølging av konkrete tilfelle der skolemiljøet ikkje er trygt og godt

Opplæringslova § 9 A-4 omhandlar aktivitetsplikta til skulane. Aktivitetsplikta skal bidra til å sikre at elevane sin rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. oppl. § 9 A-2, blir ivareteke.

Opplæringslova § 9 A-4 første til femte ledd definerer aktivitetsplikta:

Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

I Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv *Skolemiljø Udir-3-2017* blir kvar av handlingspliktene i aktivitetsplikta nærare utdjupa, og det blir presisert at dei tre første pliktene er lagt til *alle som arbeider ved skulen*, medan pliktene til å undersøkje og eventuelt setje inn tiltak kvilar på *skulen*.

Plikta til å følgje med er naudsynt for at alle som jobbar på skulen lettare skal kunne fange opp mistanke om og få kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rundskrivet presiserer at ein slik mistanke utløyer andre delplikter i aktivitetsplikta, til dømes plikta til å undersøke saka og eventuelt setje inn eigne tiltak. Vidare er plikta til å følgje med ein føresetnad for at skulen skal kunne drive systematisk arbeid for å førebyggje og avdekke om elevar har eit trygt og godt skolemiljø.⁵⁷

Plikta til å gripe inn er kjenneteikna av at handlinga skjer med det same og at den rettar seg mot å stoppe ein situasjon som pågår og er forholdsvis akutt. Slike situasjonar vil til dømes vere slåsskampar eller andre fysiske krenkingar, men det kan også innebere å stanse ein utfrysingssituasjon og irettesetje elevar som krenkjer andre verbalt. Plikta til å gripe inn kan i nokre tilfelle innebere bruk av fysisk makt og tvang. Rundskrivet presiserer at skulen ikkje har heimel til bruk av fysisk makt og tvang i opplæringslova. Plikta til å gripe inn kan òg vere avgrensa av straffelova.⁵⁸

Plikta til å varsle går ut på at alle som jobbar på skulen skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. I alvorlege tilfelle skal rektor varsle skuleeigaren. Vidare slår rundskrivet til Utdanningsdirektoratet fast at det er låg terskel for kva som skapar «mistanke om» eller «kjennskap til» at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Det er ulike måtar ein som jobbar på skulen kan få mistanke om eller kjennskap til korleis elevane opplever skolemiljøet sitt. Rundskrivet nemner observasjon av elevane, tilbakemelding i undersøkingar, beskjed frå foreldre eller medelevar eller aktivitet i sosiale mediar. At ein elev seier ifrå at vedkomande ikkje har det bra på skulen, oppfyller kravet til at den som jobbar på skulen har «kjennskap». Rundskrivet presiserer at ein ikkje kan forvente at eleven skal nytta ordlyden i lova eller omgrepa til vaksne.⁵⁹

Plikta til å undersøke blir utløyst av mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. I slike tilfelle skal skulen snarast undersøke saka nærare. Ettersom elevane har rett på eit skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, gjeld skulen si undersøkingsplikt meir enn dei tilfella der ein elev er utsett for mobbing og krenkingar. Plikta til å undersøke er heller ikkje avgrensa av årsaken til

⁵⁷ Utdanningsdirektoratet: *Skolemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 10.05.2019. Side 8-9.

⁵⁸ Utdanningsdirektoratet: *Skolemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 10.05.2019. Side 9-10.

⁵⁹ Utdanningsdirektoratet: *Skolemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 10.05.2019. Side 11.

at eleven ikkje har det trygt og godt på skulen. Skulen har undersøkingsplikt så lenge skulemiljøet til eleven blir påverka negativt, sjølv i dei tilfella der årsaken til mistriksel er forhold utanom skuletid og utanfor området til skulen.⁶⁰

Plikta til å setje inn tiltak blir utløyst av at ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, eller når ei undersøking viser dette. Skulen skal i slike tilfelle så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Ifølgje forarbeida skal tiltaksplikta tolkast utvidande. Som ein del av tiltaksplikta skal skulen difor også følgje opp tiltaka sine, evaluere verknadane og eventuelt leggje til eller endre tiltak dersom det er naudsynt. Plikta til å setje inn eigna tiltak gjeld så lenge ein elev ikkje opplever å ha det trygt og godt på skulen.⁶¹

Eleven sin rett til å bli høyr

Opplæringslova lovfestar gjennom § 9 A-4 femte ledd eleven sin rett til å bli høyr og eleven sitt beste som grunnleggjande omsyn i alle skulen sine vurderingar og handlingar for å oppfylle aktivitetsplikta:

Skolen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.

Ifølgje Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv er desse rettane også forankra i Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 3 og 12.⁶²

Ifølgje forarbeida til endra kap. 9 A, skal skulen utføre aktivitetane for å oppfylle aktivitetsplikta i samråd med elevane som blir påverka av desse. Skulen skal sørgje for *alle* involverte elevar blir høyr, og forarbeida understrekar at dette omfattar både elevar som skulen mistenkjer eller kjenner til at ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, og andre elevar som er direkte påverka eller involvert i saka. Forarbeida presiserer at ein elev som krenkjer, eller er mistenkt for å krenkje andre elevar, skal ha same rett til å bli høyr i saka som den eleven som kjenner seg krenkt.⁶³

Krav til dokumentasjon

I opplæringslova § 9 A-4 sjette og sjuande ledd går følgjande fram:

Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak skolen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast.

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.

Plikta til å setje i verk tiltak og lage ein skriftleg plan (aktivitetsplan) i ei enkeltsak blir utløyst når skulen får kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt, anten gjennom undersøkingar på eige initiativ eller etter at ein elev sjølv seier ifrå.⁶⁴ Det blir presisert i forarbeida til kap. 9 A, at bokstav a) til e) berre er minimumskrav.⁶⁵

Dokumentasjonskrava til skulen er ifølgje Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv *Udir-3 2017* todelt; i tilfelle der det må setjast inn tiltak i enkeltsaker skal det utarbeidast ein skriftleg aktivitetsplan. I tillegg er det krav om at skulen må dokumentere meir overordna kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta. Kravet til dokumentasjon er at den skal sørgje for tydeleg informasjon til elevar og foreldre, samt at saka og kva som er gjort blir etterprøvbart.

⁶⁰ Utdanningsdirektoratet: *Skulemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 10.05.2019. Side 13.

⁶¹ Utdanningsdirektoratet: *Skulemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 10.05.2019. Side 13.

⁶² Utdanningsdirektoratet: *Skulemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 10.05.2019.

⁶³ Prop. 57 L (2016–2017): *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø)*. Side 29.

⁶⁴ Utdanningsdirektoratet: *Skulemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 10.05.2019. Side 17.

⁶⁵ Prop. 57 L (2016–2017): *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø)*.

Skjerpa aktivitetsplikt når ein som arbeider ved skulen krenkjer ein elev

Ny § 9 A-5 i opplæringslova pålegg tilsette ei skjerpa aktivitetsplikt i tilfelle der ein som arbeider ved skulen krenkjer ein elev:

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skoleeigaren.

Frå forarbeida til endra kap. 9 A går det fram at dei fem delpliktene som gjeld for § 9 A-4, også gjeld for § 9 A-5.

Informasjonsplikt til elevar og foreldre

Opplæringslova § 9 A-9 omhandlar informasjonsplikt og rett til å uttale seg. Første ledd stiller krav om at skulane skal informere elevar og foreldre om rettane etter kapittel 9 A (første og tredje ledd):

Skolen skal informere elevane og foreldra om rettane i dette kapitlet. Skolane skal òg informere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 og om høvet til å melde saka til Fylkesmannen etter § 9 A-6.

Samarbeidsutvalet, skoleutvalet, skolemiljøutvalet, elevrådet og foreldra skal haldast informerte om alt som er viktig for skolemiljøet, og så tidleg som mogleg takast med i arbeidet med skolemiljøtiltak. Dei har rett til innsyn i all dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som er viktige for skolemiljøet.

Skuleeigar sitt forsvarlege system

Ansvar for skuleeigar for å følgje opp skulane og sikre at krav i regelverket blir oppfylt, går fram av opplæringslova § 13-10:

Kommunen (...) har ansvar for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.

Kommunen (...) skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen (...) skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå desse vurderingane (...).

Frå eigenvurderingsverktøyet Reflex til Utdanningsdirektoratet, går det fram at «For at et system skal være forsvarlig, må det være egnet til å avdekke forhold som er i strid med opplæringsloven og sikre at det blir satt i gang nødvendige og egnede tiltak for å oppfylle aktivitetsplikten.»⁶⁶

Vidare går det fram av Reflex at skuleeigar må innhente og bruke tilstrekkeleg og oppdatert informasjon om skulane sin praksis, vurdere om praksisen er i samsvar med regelverket og eventuelt følgje opp at skulane endrar praksis slik at dei oppfyller aktivitetsplikta.

Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker

Opplæringslova § 9 A-6 omtalar Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker. Det går mellom anna fram at dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til Fylkesmannen etter at saka er teken opp med rektor. Fylkesmannen skal avgjere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 er oppfylt, og dersom Fylkesmannen kjem til at skulen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta, kan Fylkesmannen gjennom enkeltvedtak vedta kva skulen skal gjere for å sikre eleven sin rett til eit trygt og godt skolemiljø.

⁶⁶ Utdanningsdirektoratet. Reflex. *Skoleeiers forsvarlige system: Skolens aktivitetsplikt for å sikre at elevene har et trygt og godt skolemiljø (for skoleeier)*. Dato: 19.12.2018.

Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur

Lov og forskrift

Kunnskapsdepartementet. *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa av 17. juli 1998 nr. 61* (opplæringslova). Sist endra 1. oktober 2018.

Forarbeid, rundskriv, rettleiarar mv.

Kunnskapsdepartementet. Prop. 57 L (2016–2017). Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak): *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skolemiljø)*. 17. februar 2017.

Utdanningsdirektoratet. *Skolemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 10.05.2019

Utdanningsdirektoratet. *Hva skal skolen gjøre med digital mobbing?* Sist endra 27.06.2017.

Utdanningsdirektoratet. *Mobilbruk og ordensreglement*. Tolkningsuttalelse 12.12.2014.

Utdanningsdirektoratet. Reflex. *Skoleeiers forsvarlige system: Skolens aktivitetsplikt for å sikre at elevene har et trygt og godt skolemiljø (for skoleeier)*.

Utdanningsdirektoratet. Reflex. *Skolemiljø: Skolens plikt til å arbeide forebyggende og informere og involvere elever og foreldre (for skoleledelsen)*.

Utdannings- og forskningsdepartementet. Ot.prp.nr.72 (2001-2002) *Om lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa*. 03.05.2002.

Dokumentasjon frå Lindås kommune

Lindås kommune. *Kvalitetsplan for oppvekst 2016–2028. Kommunedelplan gjeldande frå haust 2016*. Vedteken i kommunestyret 15.09.2016

Lindås kommune. *Forskrift til ordensreglement for grunnskulen i Lindås*. Utan dato.

Lindås kommune. *Retningsliner for skulemiljø kapittel 9A 1. august 2017*.

Lindås kommune. *Årshjul for oppfølging kap. 9 A – Skuleeigar*. Dato: 18.09.2018.

Lindås kommune. *Organisasjonskart*. Publisert: 05.02.2018.

Andre kjelder

De Utrolige Årene: www.dua.uit.no

Læringsmiljøsenteret. *Innblikk – et sosial-analytisk verktøy for å forebygge og avdekke skjult mobbing*. Publisert 26.10.2010

Læringsmiljøsenteret. *Hvordan kan lærere jobbe med å avdekke mobbing?* Publisert 02.06.2017.

MOT: www.mot.no

Utdanningsdirektoratet. *Elevundersøkelsen*. Sist endra: 05.06.2018.

Utdanningsdirektoratet. *Grunnskolen Informasjonssystem (GSI)*.



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NWE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's approximately 286,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.